

# Årsmelding 2005


Navet i elektronisk forvaltning. Direktøren sin leiar **side 4**  
Brønnøysundregistra – ein viktig del av næringspolitikken **side 7**  
Fokus på styring av verksemdar **side 8**  
Sikkerhetsportalen – enklare og tryggare elektronisk dialog med det offentlege **side 10**  
Eigen brukarservice for Altinn **side 11**  
Nytt register: Akvakulturregisteret **side 12**  
Kommunalt rapporteringsregister **side 13**  
Brønnøysundregistra og grøn stat **side 14**  
Små saker **side 16**

Altinn - frå rapportering til dialog **side 20**  
Næringslivet sparer tid **side 21**  
Statistikk frå Altinn: Veksten held fram **side 22**

2005-tal frå Brønnøysundregistra **side 25**  
- Næringsregistreringar **side 26**  
- Årsrekneskapar **side 29**  
- Tinglysingar **side 30**  
- Konkursar og tvangsavviklingar **side 32**  
- Automatiske oppslag mot registra **side 35**  
- Andre registerområde **side 37**  
- Personalressursar i Brønnøysundregistra **side 39**

Likestilling **side 40**  
Organisasjon og dei ulike registra **side 41**  
Fagleg tilknytning **side 43**

Mål og resultat **side 44**  
Hovudtal 2005 **side 45**  
Rekneskap 2005 med notar **side 46**  
Brønnøysundregistra sine nye mål og strategiar **side 50**



## Navet i elektronisk forvaltning

**Brønnøysundregistra kan sjå tilbake på enda eit år prega av høgt aktivitetsnivå og mange nye utfordringar. I tillegg til heile tida å vere mest mogleg å jour med behandlinga av alle meldingar og dokument, er det vidareutviklinga av Altinn og etableringa av Sikkerhetsportalen som har fått mest oppsikt. Vi har også brukt mykje ressursar på å etablere eit nytt system for styring av verksemda ved registra.**

Det er hyggjeleg å kunne konstatere at Altinn er ein suksess. Sidan starten (våren 2004) hadde mellom sju og åtte millionar skjema gått gjennom løysinga ved utgangen av fjoråret, og trafikken er aukande. Løysinga har allereie resultert i merkbar reduksjon i næringslivet si rapporteringsbyrde overfor det offentlege. I 2005 kunne vi gjennom Oppgåveregisteret notere ein reduksjon på 580 årsverk, noko som i hovudsak skyldast Altinn. Og, vi er framleis berre i byrjinga av denne utviklinga. Gjennom den nye løysinga for utsending av data, dialogfunksjonen, forventar vi meir enn ei dobling av transaksjonane i 2006. Brukarane har gitt oss svært positive tilbakemeldingar, og IT-bransjen har også visst å setje pris på Altinn. Høgdepunktet kom då Rosingsprisen blei gitt til Altinn for beste e-forvaltningsløysing i 2005.

I februar 2005 fekk Brønnøysundregistra i oppdrag av staten og kommunane å leie arbeidet med å etablere ein felles sikkerheitsportal for offentleg sektor. Sikkerhetsportalen skal leggje til rette for fleire elektroniske tenester frå det offentlege til innbyggjarar og næringsliv ved å sørgje for sikker tovegs kommunikasjon via Internett. Prosjektet var prega av svært høgt aktivitetsnivå og korte fristar. Vi greidde likevel å kome i mål til riktig tid.

Sikkerhetsportalen blei offisielt opna av fornyings- og administrasjonsministeren den 15. desember. Vi har framleis viktige utfordringar framfor oss her. Samhandlinga mellom statlege etatar og private leverandørar av elektroniske sertifikat har vist seg å vere meir krevjande enn føreset. Vi er likevel overtydde om at vi vil lukkast med dette arbeidet, sjølv om det tek litt lengre tid enn først planlagt.

Gjennom endring av einingsregisterlova og levering av data gjennom WebServices, har Einingsregisteret fått enda større vekt i utviklinga av gode løysingar for elektronisk forvaltning i Noreg. Når vi i tillegg forvaltar Altinn og Sikkerhetsportalen, og er i ferd med å få på plass ei ny løysing for data-modellering og utvikling av metadata, må det vere lov å hevde at Brønnøysundregistra er blitt eit nav i utviklinga av elektronisk forvaltning i Noreg.

Dette gir også gjenklang ut i verda. I august blei vi gjesta av fleire delegasjonar frå Kina, som hadde fått informasjon om oss via EU og Internett. Dei var spesielt opptekne av løysingane våre for Einingsregisteret og elektronisk kommunikasjon. Våren 2006 vil vi besøke Kina for nærmare utvikling av eit mogleg samarbeid. Gjennom EBR (European Business Register) har vi fått ei sentral rolle i eit nytt prosjekt - BRITE (Business Register Interoperability Throughout Europe). Det er særleg løysingane våre for datamodellering og metadata dei europeiske samarbeidspartane våre gjerne vil nytte seg av.

Alt dette og meir til kan du lese om i denne årsmeldinga. God lesing!








## Brønnøysundregistra – ein viktig del av næringspolitikken



**Regjeringa fører ein offensiv næringspolitikk for å sikre verdiskaping og vidareutvikle velferds-samfunnet. Vi vil gi næringslivet gode og stabile rammevilkår. Arbeidet for å forenkla og leggje til rette for næringslivet er viktig for at bedriftene skal kunne bruke mest mogleg tid på produksjon og innovasjon, og minst mogleg tid på administrasjon. Eg vil prioritere dette arbeidet høgt. Vi må leggje til rette for eit ukomplisert, lite kostnadskrevjande regelverk og for gode offentlege tenester. Forenklingsarbeidet skal i tida framover brukast aktivt for å auke verdiskapinga i næringslivet og styrkje norsk økonomi.**

Brønnøysundregistra har ei viktig rolle i arbeidet med gode rammevilkår generelt, og særleg når det gjeld gode offentlege tenester til næringslivet.

Føretaksregisteret og Lausøreregisteret utfører svært viktige oppgåver for bedriftene, både ved oppstart, vekst og omdanningar, ved finansiering og ved nedleggingar. Einingsregisteret og Oppgåverregisteret er grunnsteinar i arbeidet med samordning i offentleg forvaltning og overgang til ei elektronisk forvaltning. Brønnøysundregistra er, og skal framleis vere, i fremste rekkje i arbeidet med å leggje til rette for betre tenester for brukarane og ei meir effektiv offentleg forvaltning.

Forenklingsarbeidet gjev gode resultat. Det er gledeleg. Belastningstala frå Oppgåverregisteret viser at næringslivet bruker stadig mindre tid på utfylling av skjema. Overgangen til elektroniske

tenester og satsinga på Altinn skal ha mykje av æra for det. Bruken av Altinn er stadig aukande. Brukarundersøkingar syner at brukarane er fornøgde. Altinn fekk Rosings eNorge-pris i 2005, noko som er eit synleg bevis på at Altinn er ein suksess.

Altinn skal vere næringslivet si dør til offentlege tenester, og arbeidet med å utvikle tenesta skal halde fram. Gjennom Altinn skal bedriftene få éin kanal for å finne og sende inn alle pålagde skjema. Her skal bedriftene finne informasjon om rettar og plikter, om offentlege krav og tilbod, elektroniske skjema for søknader osv. Også andre dokument, som bedriftene i dag får i posten, skal bli sende elektronisk i Altinn.

Eg vil gjere mitt for å leggje til rette for ei god utvikling av Altinn og e-tenester til næringslivet. Det er viktig å ta i bruk desse verktøya på ein måte som kan gi enklare arbeidsprosessar i bedriftene. Her er det bedriftene sjølve som er ekspertar, og eg er avhengig av eit godt samarbeid med dei.

Vårt felles mål er at Altinn innan 2009 skal vere næringslivet sin inngangsportal til alle offentlege tenester. I godt samarbeid med bedriftene skal vi klare dette. Vi skal skape ei e-forvaltning til beste for brukarane.

Nærings- og handelsminister  
Odd Eriksen

**Dei to siste åra har Brønnøysundregistra hatt sterkt fokus på verksemdstyring, spesielt det siste året med gjennomføring av eit verksemdstyringsprosjekt i samarbeid med konsulentar frå Ernst & Young. Dette har lagt grunnlaget for eit enklare arbeid når det gjeld årlege verksemdsplanar og langtidsplanar.**

Brønnøysundregistra har fått mange lovord som sentral registerforvaltar og myndesutøvar. Gjennom Einingsregisteret, Metadatabasen, Altinn og Sikkerhetsportalen har vi blitt navet i utviklinga av elektronisk forvaltning i Noreg. Skal vi leve opp til visjonen vår om å vere verdsleiarande, må vi gå føre og leie an også gjennom utvikling av eigne elektroniske tenester.

### Endra styring av drifts- og utviklingsoppgåver

I løpet av dei siste par åra har mange av leiarane vore involverte i prosjektet «Verksemdstyring i Brønnøysundregistra». Dette prosjektet har hatt som formål å endre måten drifts- og utviklingsoppgåver blir planlagde og styrde på, for å sikre at vi kan møte dei krava vi blir stilte overfor i vår viktige samfunnsrolle. Mykje av arbeidet som er utført så langt, har handla om å leggje til rette for ein struktur som sikrar at alle dreg i same

retning. Prosjektet har munna ut i ein langtidsplan for 2006–2009 og ein verksemdsplan for 2006 som peiker ut mål og retning for korleis vi skal gjennomføre denne prosessen innan utløpet av 2009. Planen er ein viktig del av den nye verksemdsstyringa ved Brønnøysundregistra. Han inneheld konkrete mål og styringsparameter for alle sider ved verksemda vår.

### Høge krav til organisasjonen

På grunn av stadig skiftande rammevilkår og uventa, overraskande hendingar, kan vi ikkje planleggje oss til måloppnåing. Dette inneber at verksemdstyring er ei leiaroppgåve som heile tida stiller høge krav til Brønnøysundregistra som organisasjon, spesielt med tanke på dei endringane vi står overfor. Plandokumentasjonen er likevel viktig for å kommunisere tankane våre om korleis vi må utvikle oss i åra som kjem. Formålet er at dette skal vere grunnlag for ein dialog som klargjer kvar enkelt medarbeidar si rolle i utviklinga av organisasjonen vår.

### Motiverte medarbeidarar

Målet med styringsmodellen er å leggje til rette for betre avgjerder, både langsiktige avgjerder på strategisk nivå og for den jamne drifta. Motiverte medarbeidarar er ein føresetnad for at vi skal nå

måla våre. Styringsmodellen må sørge for god informasjon om kva forventingar som blir retta mot kvar enkelt avdeling, seksjon og medarbeidar. Først når vi maktar å bryte ned visjonane våre og dei overordna måla i konkrete arbeidsmål, oppnår vi resultat.

### Målstyring og prosjektstyring

Styringsmodellen som denne langtidsplanen byggjer på, er basert på målstyring og prosjektstyring. Å bli målt er ikkje noko nytt for oss, heller ikkje prosjektbasert jobbing. Styringsmodellen som no blir lagd til grunn for styring av Brønnøysundregistra, fokuserer på samanhengar mellom overordna mål og konkrete målkrav, og mellom langsiktige utviklingstrekk og konkrete aktivtetsplanar. Vi byggjer dette på ein hypotese om at det er motiverande å sjå sine dag-til-dag arbeidsoppgåver i samheng med samfunnsrolla vår og dei overordna måla våre. Målet vårt med styringsmodellen er å sørge for endå betre avgjerder kvar dag, og endå meir motiverte medarbeidarar!

### Styringsmodellen i Brønnøysundregistra

Alt Brønnøysundregistra gjer, av både drifts- og utviklingsoppgåver, skal støtte visjonen vår. Driftsoppgåvene utgjer kjernen av verksemda vår,



og i verksemdstyringsplanen er det eit «operasjonelt kart» som viser dette. Ut frå det operasjonelle kartet ved Brønnøysundregistra er det formulert ni operasjonelle mål innanfor fokusområda ved etaten. For kvart av desse måla er det formulert kritiske suksessfaktorar og styringsparameter med måltal for heile planperioden. Dette legg grunnlag for målkrava knytte til driftsoppgåvene ved etaten. Undervegs i perioden skal ein måle og rapportere på styringsparametra for å setje inn korrigerande tiltak.

#### Utvikling

For å oppfylle visjonen ved Brønnøysundregistra også i 2009, må vi utvikle oss. Dette er formulert i tre strategiske mål. For å nå desse måla har vi fire strategiar, kvar presentert med strategiske kart. For å realisere desse måla er det utarbeidd planar for strategiske program som er bygde opp av eit sett konkrete prosjekt. Dei strategiske programma og prosjekta vil bli følgde opp heile tida slik at korrigerande tiltak også kan setjast inn mot utviklingsoppgåvene.

I starten av 2007 vil leiinga oppsummere resultat i ein strategigjennomgang, og på bakgrunn av dette oppdatere planane våre for neste langtidspanperiode.



## Sikkerhetsportalen – enklare og tryggare elektronisk dialog med det offentlege

**I februar 2005 fekk Brønnøysundregistra i oppdrag av staten og kommunane å leie arbeidet med å etablere ein felles sikkerheitsportal for offentleg sektor. Sikkerhetsportalen skal leggje til rette for fleire elektroniske tenester frå det offentlege til innbyggjarar og næringsliv ved å sørge for sikker dialog via Internett. Den offisielle opninga stod fornyingsminister Heidi Grande Røys for den 15. desember.**



Fornyingsminister Heidi Grande Røys

Stadig fleire av oss vel å kommunisere på nett. Tilgang til fleire offentlege tenester frå PC-en heime gjer at ein slepp å bruke tid på å oppsøkje og stå i kø på offentlege kontor. Tenestene kan dessutan utførast akkurat når det passar, utan å

måtte ta omsyn til tradisjonelle opningstider. Sikkerhetsportalen sørger for sikker dialog mellom brukaren og det offentlege på Internett, og at ingen andre får tilgang til opplysningane dine. Portalen opnar i tillegg for felles innlogging til fleire offentlege tenester, noko som for alvor vil kome innbyggjarane til gode når fleire etatar og kommunar tek løysinga i bruk. For å få tilgang til tenestene bruker ein eit elektronisk identitetsbevis (elektronisk ID).

### BBS er leverandør

Etter at Brønnøysundregistra fekk oppdraget av Moderniseringsdepartementet (no Fornyings- og administrasjonsdepartementet), blei Sikkerhetsportalprosjektet etablert umiddelbart. Alt i slutten av februar starta ein anbudsprosess for å finne ein eigna leverandør til å utvikle løysinga. I april blei fire leverandørar prekvalifiserte til å levere tilbod. To leverandørar leverte tilbod innan fristen, og 1. juli inngjekk Brønnøysundregistra avtale med Bankenes Betalingssentral AS (BBS) om å levere løysinga til Sikkerhetsportalen.

### Lansert 15. desember

Utviklingsarbeidet gjekk for fullt utover sommaren og hausten. Fleire av dei større etatane i Noreg, som til dømes Lånekassen, Aetat og Rikstrygdeverket, blei dregne inn i arbeidet gjennom eit brukarstadsforum. Dette blei gjort for å sikre at løysinga skulle bli så god som mogleg, og at ho i størst mogleg grad blei tilpassa behova og ønska i dei ulike etatane. 15. desember var Sikkerhetsportalen klar for lansering, og fornyingsminister Heidi Grande Røys stod for den offisielle opninga.

Ho peikte i opningstalen sin på at det skal vere enkelt å bruke offentlege tenester, og at Sikkerhetsportalen er ein reiskap for å nå dette målet.

### Altinn først ute

Alt same dagen som Sikkerhetsportalen blei lansert, skreiv Altinn under ein avtale om å ta han i bruk. Altinn er ein internettportal for dialog med det offentlege, der du finn elektroniske skjema for moms, statistikk, sjølvmelding, årsrekneskap og meir til. Gjennom Altinn er det lettare å finne, fylle ut og levere skjema til offentlege etatar. Altinn blir også forvalta av Brønnøysundregistra, og skal i første omgang ta i bruk Sikkerhetsportalen til innlogging (autentisering). Det gjer at brukarar av Altinn kan nytte Sikkerhetsportalen for å logge seg inn i løysinga.

### Noreg langt framme på elektronisk dialog

Med Sikkerhetsportalen har Noreg kome svært langt i å leggje til rette for sikker elektronisk dialog mellom borgarar og det offentlege. Faktisk er vi mellom dei første i verda til å utvikle denne typen felles sikkerheitsportal for offentleg sektor. Med Sikkerhetsportalen på plass blir det enklare for statlege etatar og kommunar å tilby elektroniske tenester som krev sikring til innbyggjarar og næringsliv. Frå 2006 er alle statlege etatar og verksemder som skaffar seg løysingar som krev bruk av elektronisk identitet, pålagde å nytte Sikkerhetsportalen dersom dei ikkje har denne typen sikringsløysingar frå før. Kommunane blir også oppmoda til å bruke Sikkerhetsportalen. Forvaltningsoppgåvene for Sikkerhetsportalen er lagde til ein nyoppretta seksjon ved Brønnøysundregistra.

## Eigen brukarservice for Altinn

**I januar 2005 blei ein eigen brukarservice for Altinn opna. Altinn brukarservice har eige telefonnummer, 75 00 60 00, som brukarane kan ringje når dei treng hjelp. I tillegg til å svare på generelle spørsmål om bruken av Altinn-portalen, blir den viktigaste oppgåva å leie skjema-faglege spørsmål til rett etat og å setje tekniske spørsmål over til teknisk brukarstøtte.**

Det er personellet på Opplysningstelefonen som også svarer på spørsmåla om Altinn. Personellet har gjennomgått spesialopplæring for å kunne svare på generelle spørsmål knytte til bruken av Altinn, og til å vise skjemafaglege spørsmål vidare til rett skjema- eller tenesteeigar. Tekniske spørsmål blir sette over til teknisk brukarstøtte.

### Betre ressursutnytting

Brønnsundregistra er tildelt forvaltningsansvaret for Altinn, og det er derfor naturleg at etaten har teke på seg brukarservicen for Altinn. Det er viktig at brukaren opplever Altinn som mest mogleg heilskapleg, og at brukarane har fått eitt telefonnummer dei kan bruke. Samtidig er det håp om at tiltaket vil føre til betre ressursutnytting i etatane.

### Hardkøyr for Altinn brukarservice

Altinn brukarservice har folk i arbeid alle kvar-dagar frå 08.00 til 16.00, ein time lenger enn Opplysningstelefonen. Alt første dagen kom det 88 førespurnader. Maken til pågang som det var i slutten av mai, har ikkje operatørane opplevd tidlegare. Tysdag 31. mai svarte dei på heile

1 779 telefonar. Årsaka var fristen for innlevering av sjølvmelding for føretak og sjølvstendige næringsdrivande, som var 1. juni. Erfaringa viser at pågangen aukar vesentleg i samband med skjemafristar, men trafikken er generelt aukande.

### Bratt kurve

I snitt svarte Altinn brukarservice i 2005 på omkring 140 samtalar dagleg, men i samband med sjølvmeldingsfristen auka pågangen gradvis. For å møte den store pågangen blei opningstida utvida til klokka 21.00 både 30. og 31. mai. Til saman var over 40 operatørar i aksjon for å svare på førespurnader til Altinn brukarservice og den ordinære Opplysningstelefonen.

### Prioriterer

I dei verste periodane hadde Altinn brukarservice meir enn to minuttars ventetid, men brukarane klaga ikkje av den grunn. Dei var nøgde berre dei kom igjennom og fekk hjelp. Men for å takle desse utfordringane måtte Opplysningsavdelinga nedprioritere andre oppgåver, både internt og eksternt. Siste veka før fristen for sjølvmeldingane var det nærmast unntakstilstand i avdelinga. Altinn gjekk føre det meste, og alt blei sett inn for å stå til teneste for brukarane.

### Starthjelp og problemidentifikasjon

Altinn brukarservice blir drive for Altinn sentralforvaltning og dei samarbeidande etatane. Ei av oppgåvene til tenesta er å hjelpe brukarane til å kome inn i Altinn-portalen og finne rett skjema eller teneste. Når brukarane har problem, hjelper

også Altinn brukarservice til med å avklare om problema er av fagleg eller teknisk art, for så å vise brukarane vidare til rett instans. Dei fleste samtalan er ofte både lange og komplekse. Samtaletida er over dobbelt så lang som på Opplysningstelefonen.

### Grensedraging

- Dei som jobbar med Altinn brukarservice, har tileigna seg stor kompetanse. Likevel blir det jobba med ei grensedraging for å kunne definere klarare kva vi skal svare på, og i kva for tilfelle vi skal vise til andre. I faglege spørsmål skal Altinn brukarservice i regelen vise til den etaten som eig skjemaet eller tenesta, seier direktør for Opplysningsavdelinga, Geir Ebbesen.

Ebbesen gjev også honnør til dyktige og energiske medarbeidarar som verkeleg strekkjer seg langt for å yte best mogleg hjelp til brukarane. Tilbakemeldingane utanfrå stadfester også at tenesta er nyttig, viktig og svært kjærkomen.

## Nytt register: Akvakulturregisteret

**- Akvakulturregisteret vil gje akvakulturnæringa større handlingsrom for tilpassing til skiftande rammevilkår, sa fiskeri- og kystminister Helga Pedersen, då ho opna det nye Akvakulturregisteret i Brønnøysund tysdag 10. januar 2006.**

**I juni 2005 fekk Brønnøysundregistra i oppdrag å lage eit register for tinglysing av overføringar og pant i akvakulturløyve. I september begynte prosjektarbeidet, og alt frå 2. januar var Akvakulturregisteret i drift. Prosjektet var finansiert av Fiskeri- og kystdepartementet, og utviklingskostnadene var på 1,14 millionar kroner.**

Bakgrunnen for registeret er den nye lova om akvakultur som tok til å gjelde 1. januar 2006. Formålet med lova er å fremje lønsemd og konkurransekraft i akvakulturnæringa og medverke til verdiskaping på kysten. Ein lovfesta rett til overføring og pantsetjing av løyver skal bidra til betre førehandsvurdering, fleksibilitet og betre kapitaltilgang for næringa.

### Forvaltningsdel og tinglysingsdel

Det nye registeret er organisert som eit «saumlaust» system mellom Brønnøysundregistra og Fiskeridirektoratet. For brukarane vil registeret framstå som eitt. Akvakulturregisteret er delt inn i ein forvaltningsdel og ein tinglysingsdel. Fiskeridirektoratet er ansvarleg for forvaltningsdelen i registeret. Det tildeler og registrerer innhaldet i akvakulturløyvet som blant anna arten på løyvet, lokalitet og nummer. Brønnøysundregistra fører inn og er ansvarleg for opplysningar knytte til tinglysingsdelen som gjev rettsvern. Opplysningane i re-

gisteret er offentlege, og det inneber at alle kan få opplysningar om hefte og rettar som er registrerte i Akvakulturregisteret. I tillegg kjem også ordningar for konkurs og for søkjemåtar på Internett.

### Eit realregister


Akvakulturregisteret er eit realregister. Det vil seie at registeret er ordna etter løyva. Kvart enkelt løyve utgjer ei eiga eining i registeret. Akvakulturregisteret inneheld ei oversikt over akvakulturløyver og enkelte vesentlege forvaltningsvedtak knytte til desse løyva. I tillegg rommar det ei oversikt over overføringar, pantsetjingar og andre rettar som er tinglyste på løyva.

### Heldt målsetjinga

Prosjektet og drifta av det nye registeret er lagt til Lausøyreavdelinga.

- Vi hadde kort tid på oss, men prosjektarbeidet gjekk raskt og effektivt. Derfor greidde vi å halde målsetjinga om at Akvakulturregisteret skulle vere i drift frå 1. januar 2006. Sjølv om Fiskeridirektoratet og Brønnøysundregistra administrerer kvar sin del, skal brukarane oppleve Akvakulturregisteret som eitt register. Registeret er i funksjon, men arbeidet med å vidareutvikle tenestene knytte til det nye registeret vil halde fram ei stund framover, seier prosjektleiar Synnøve F. Olsen.

Blankettar for overføring og pant i akvakulturløyver er gjorde tilgjengelege via nettsidene til Brønnøysundregistra, som også har ei søkjeteneste for tinglysingar i Akvakulturregisteret.



### Opna av fiskeriministeren

- Dette vil gje akvakulturnæringa større handlingsrom for tilpassing til skiftande rammevilkår, sa fiskeri- og kystminister Helga Pedersen, då ho opna det nye Akvakulturregisteret. Ho understreka også kor viktig stabile rammevilkår er for all verksemd og busetjing langs kysten.

- Det skal vere lys i husan langs kysten, sa ministeren idet ho trykte på knappen og erklærte Akvakulturregisteret for opna.

### Viktig funksjon på rett stad

Direktøren for Brønnøysundregistra, Erik Fossum, peikte på at 25 års erfaring med tinglysing var ein viktig grunn til at Akvakulturregisteret blei lagt nettopp hit. Lausøyregisteret har blant anna tinglyst ei rekke hefte i mærar og fisk opp gjennom åra.



- Den nye lova om akvakultur som blei vedteken i 2005, er komen i staden for tidlegare lovgjeving om oppdrett og havbeite. Formålet med lova er å fremje lønsemd og konkurransekraft i akvakultur næringa innanfor rammene av ei berekraftig utvikling, og medverke til verdiskaping på kysten, sa Fossum.

#### Etterlengta i næringa

- Dette er ein gledesdag for oppdrettsnæringa og for oss på Sør-Helgeland, sa styreleiar i Fjord Marin ASA, Paul Birger Torgnes, som også er styreleiar i NHO Nordland.

Torgnes peikte på at det nye registeret har vore etterlengta, og at det inneber nye og betre vilkår for næringslivet og betre oversikt både for bankane og alle andre interesserte.

## Kommunalt rapporteringsregister

**1. januar 2006 blei Kommunalt rapporteringsregister sett i drift. Prosjektet har populært gått under namnet KOR-prosjektet. Kommunalt rapporteringsregister skal gje ei oversikt over rapporteringspliktene kommunane har til staten. Registeret omfattar ikkje - slik somme har trudd - næringslivet si rapportering til kommunane.**

Prosjektet blei sett i gang hausten 2004 og har vore finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet, etter eit forprosjekt i regi av same departement. Ei endring i kommunelova la grunnlaget for opprettinga av eit kommunalt rapporteringsregister. Kartlegginga frå forprosjektet viste at det pr. i dag finst rundt 150 rapporteringsordningar.

#### Dobbelt formål

- Målet med registeret er todelt. Først og fremst skal det lagast ei oversikt over rapporteringsplikter for kommunane. Deretter skal etatane kunne finne meir utfyllande informasjon om kvar enkelt rapportering slik at det blir eit nyttig verktøy ved vurdering av mogleg samordning og forenkling. Registeret kan i tillegg vere eit grunnlag for utviklinga av elektroniske innrapporteringsløyser mellom kommunane og staten, seier prosjektleiar Kurt Stian Fagerbakk.

#### Organiseringa

Dei fleste deltakarane i prosjektgruppa kom frå Oppgåveregisteret i tillegg til representantar frå IT-avdelinga og Informasjonsstaben. I tillegg blei det oppretta ei referansegruppe der kommunar og ulike departement var representerte. Styringsgruppa var samansett av representantar frå Oppgåveregisteret,

Kommunal- og regionaldepartementet og Statistisk sentralbyrå (SSB). Grunnen til at SSB har vore med i styringsgruppa, er at rapporteringane frå kommunane til SSB også skal inn i det nye registeret.

#### Berre registerfører

Rolla til Brønnøysundregistra er i utgangspunktet avgrensa til å vere registerfører. Opplysningane som blir registrerte, blir presenterte på web, slik at kommunane og oppgåveforvaltarane kan finne opplysningane der. Oppgåveforvaltarane kan ikkje setje i verk ei rapporteringsplikt før opplysningane er tilgjengelege på web.

#### Først oversikt - så innhald

Prosjektet blir gjennomført i to trinn. I første omgang skal rapporteringspliktene og skjema registrerast utan at innhaldet i kvart enkelt skjema blir registrert. Første trinn blei avslutta innan utgangen av 2005. Då var også webløysinga klar som skulle ha oversikt over alle rapporteringsplikter og skjema. Neste steg som vil bli teke utover i 2006, er å registrere innhaldet i skjema - det vil seie å gje eit oversyn over kva som faktisk blir rapportert.

#### Eigen nettstad

Kommunalt rapporteringsregister finst på ein eigen nettstad. Er du interessert i å sjå kva som finst i Kommunalt rapporteringsregister, kan du gå inn på nettadressa:

[www.kommunalrapporteringsregister.dep.no](http://www.kommunalrapporteringsregister.dep.no)

 **KOMMUNALT RAPPORTERINGSREGISTER**

**Miljøvisjonen i Brønnøysundregistra er å arbeide systematisk for å redusere miljøbelastning frå eiga verksemd ved å skape miljøbevisst åtferd hos tilsette, og integrere miljøomsyn i drifta av verksemda. Brønnøysundregistra er alt godt i gang med dette arbeidet, og har dei siste åra gjennomført mange «grøne» tiltak.**

Innan utgangen av 2005 skal alle offentlege etatar og verksemder ha innført miljøleining som ein integrert del av styringssystema i organisasjonen. Det er mange gode grunnar til at statlege verksemder no skal innføre miljøleining i drifta si. Miljøtiltak kan gje store økonomiske vinstar, og er derfor eit viktig ledd i arbeidet med å effektivisere og modernisere staten. Og ikkje minst å synleggjere både eksternt og internt at verksemda behandlar miljøvernutfordringane på ein seriøs og truverdig måte.

### Enøk i registerbygget

I 1996 blei energiforbruket ved Brønnøysundregistra vurdert av Enøk-senteret i Mosjøen. Rapporten etter denne analysen resulterte i ei rekkje tiltak. Desse tiltaka blei gjennomførte fram til 2000. I 2000–2001 blei det installert sentraldriftskontroll i bygget, og samla ser vi at desse tiltaka har hatt ein positiv effekt på det totale energiforbruket.

### Forbruk av energi

Gjennom sentral driftskontroll får Brønnøysundregistra ei nøyaktig oversikt over forbruket av energi i hovudbygget. Brønnøysundregistra har hatt ein jamn nedgang i forbruket, bortsett frå i

2004. Dette kan kome av svingingar i klimaet – ein hard vinter og ein varm sommar – ettersom vi nyttar energi til å varme opp kontorlokala om vinteren, og til å kjøle ned lokala om sommaren. Vidare er det behov for kontinuerleg kjøling av EDB maskinrom. Brønnøysundregistra har brukt meir olje dei siste åra. Dette har samanheng med prisnivået på straum og olje.

### Avfall

Verksemda ved Brønnøysundregistra genererer ulike typar avfall. Hovudmålet har vore å redusere mengda, og Brønnøysundregistra ønskjer mest mogleg gjenbruk av avfallet. Restavfallet bør disponerast slik at miljøbelastninga blir minst mogleg. Ved auka bruk av elektroniske medium til innrapportering, lagring og formidling av informasjon, bruk av e-post og publisering via Internett/intranett, vil det på sikt bli ein reduksjon i papiravfallet. Målet er 95 prosent elektronisk innrapportering innan utgangen av 2009. Dette vil føre til ein merkbar nedgang i papiravfallet. I tillegg kan papirforbruket redusert endå meir med ein konsekvent bruk av tosidig kopiering og utskrift.

### Fire hovudkategoriar avfall

Brønnøysundregistra har fire hovudkategoriar av avfall: papir, anna avfall frå kontordrifta, organisk avfall og reinholdsmiddel/stoff til reinhald av maskinar og utstyr. Brønnøysundregistra har avtale med ein lokal bonde om levering av makulert papir. Papiret blir brukt som strø/liggeunderlag for storfe. På den måten blir papiret gjenbrukt og går til organisk avfall, som igjen blir brukt til gjødsel på eignedomen.

I 2005 blei det levert 65 tonn makulert papir. Brønnøysundregistra har eigen container som vi nyttar til det kjeldesorterte organiske avfallet, spesielt frå kantina. I 2005 er det levert nærmare 16 tonn organisk avfall.

Blandingsavfall som ikkje blir kjeldesortert, blir kasta i ein eigen container som blir henta og sortert av avfallsselskapet. I 2005 er det levert vel 12 tonn blandingsavfall.

Datamaskinar og telefonar blir normalt avhenda ved overdraging eller sal til andre institusjonar innanfor det offentlege, sal blant tilsette eller sal til ideelle lag og foreiningar.

Ved kasting eller destruering blir datamaskinane behandla som spesialavfall. Alt spesialavfall blir levert til godkjend mottaksstasjon.

Reinholdsmiddel og stoff til reinhald av maskinar og utstyr blir behandla og oppbevart i samsvar med datablad eller bruksrettledning for produkta.

### Sentral innkjøpsfunksjon

Frå 2004 blei det etablert ein sentral innkjøpsfunksjon ved Brønnøysundregistra. Ein innkjøpskoordinator blei tilsett med ansvar for å leie og utvikle arbeidet med å styrkje innkjøpsverksemda, og etablere eit effektivt støtteapparat for innkjøpa våre gjennom planlegging, utvikling, styring og kontroll. Brønnøysundregistra skal ta miljøomsyn blant anna ved å velje leverandørar som er miljøsertifiserte og velje produkt med låge kostnader gjennom levetida


for produktet. Planen er å auke talet på miljøsertifiserte leverandørar.

### Transport

Transport til og frå Brønnøysundregistra gjeld arbeidsreiser, tenestereiser og transport av varer og tenester. Dei fleste av arbeidsreisene til dei tilsette til og frå Brønnøysundregistra er bilbaserte. Ut frå belegget på parkeringsplassane kan ein gå ut frå at mellom 40 og 60 prosent av arbeidsstokken nyttar bil til arbeidet. Kollektivtilbodet i samband med arbeidsreiser er totalt fråverande i Brønnøysund. Brønnøysundregistra har støtta bedriftsidrettslaget «Å jour» sin «Sykle til jobben»-aksjon sidan 1995. Aksjonen er eit viktig verkemiddel for å auke sykkelbruken og setje fokus på helse- og miljøvinstar ved auka aktivitet.

### Tenestereiser

Tenestereiser skjer i hovudsak med fly. Brønnøysundregistra har ein overordna felles reisepolitikk for reiser og overnattingar for alle tilsette ved etaten. Brønnøysundregistra vil i 2006 arbeide for å implementere miljømål i reisepolitikken. Talet på tenestereiser har auka mykje dei siste åra. Den nye rolla Brønnøysundregistra har fått i forvaltninga, er ei av årsakene til auka reiseverksemd. Etaten har fått ei tyngre rolle når det gjeld gjenbruk og samordning av data. Brønnøysundregistra har derfor investert i tre sett med videokonferanseutstyr. To sett er i lokala som blir leigde i Brønnøysund, og eitt i lokalet Brønnøysundregistra leiger i Oslo. Videokonferanseutstyret har i nokon grad erstatta reiser, men det er framleis mykje å hente.





Ein nøgd direktør Erik Fossum og avdelingsdirektør Hallstein Husand etter at Altinn blei tildelt Rosings-prisen 2005.

### Altinn tildelt Rosings eNorge-pris 2005

**- Tenesta er eit lysande eksempel på korleis Noreg leier an også internasjonalt, uttalte jury-leiar Truls Berg før han proklamerte at Altinn hadde vunne Rosings eNorge-pris 2005, i konkurranse med 18 sterke kandidatar.**

I grunngevinga frå juryen heitte det: «Årets vinner er en spydspiss i arbeidet med modernisering av det offentlige. Løsningen gikk på lufta i 2004. De første månedene var slett ikke uten misnøye, klager og støy. I løpet av året som er gått, er tjenesten forbedret, og mye av misnøyen er forstummet. Løsningen og deres ansvarshavende har evnet å forholde seg til kritikken på en

måte som har gjort tjenesten bedre, samtidig som antallet tjenester har økt. Tjenesten er ny, den virker og den er tatt i bruk i stor stil. Og ikke bare det, i løpet av ett år har antall etater som deltar i samarbeidet bak løsningen, økt fra 3 til 10.»

- Dette er ein stor inspirasjon i arbeidet med å utvikle tenester som forenkler dialogen mellom næringslivet og det offentlege, sa direktøren ved Brønnøysundregistra, Erik Fossum, då han tok imot prisen.

### Farvel til gammel EBR-løysing

**4. januar kunne ei ny løysing for European Business Register (EBR) takast i bruk. Den tydelegaste endringa i den tredje og nyaste versjonen er at grensesnittet er endra. Den nye versjonen er basert på ei ny og meir stabil teknisk plattform. Det inneber blant anna at søk går raskare, og at det no er mogleg å søkje samtidig i føretaksregistra i fleire land.**

Fire nye land har kome til som leverandørar av offisiell føretaksinformasjon. Det er Irland, Estland, Austerrike og Spania. I og med at Estland er kome med, har European Business Register fått med endå eitt av dei mest aktuelle landa for norske brukarar. Til no er det føretaksinformasjon frå Sverige, Danmark, Finland og Latvia som har vore mest etterspurd av norske brukarar. I tillegg er det mogleg å laste ned årsrekneskapar frå ein del EBR-land.

Brønnøysundregistra var i oktober vertskap for EBRs generalforsamling med over 33 deltakarar frå 15 ulike land.

### Opplæring i kriseberedskap

**Brønnøysundregistra har i løpet av 2005 laga eit fylldig planverk for kriseberedskap. Dei som er tekne ut til å vere ein del av beredskapsorganisasjonen, har fått opplæring i kriseberedskap og kjennskap til planane som finst. Gjennom kursing er planverket blitt gjennomgått og presentert. Det blir også gjeve innblikk i kva som er meint med akseptabelt risikonivå og rett beredskapsnivå i etaten. I tillegg er det gjort greie for aksjonsplanar, ansvar og arbeidsoppgåver.**

Ei krise kjem ofte overrasskande, og ein krisesituasjon blir karakterisert ved mangel på kontroll. Vitale interesser står på spel, mange aktørar er involverte, og tidspresset er stort. Mangel på informasjon er også vanleg i slike situasjonar. Dei involverte kjenner seg ofte svært usikre, og den regulære avgjerdsprosessen bryt saman. Det blir også lett fokusert på kortsiktige løysingar. Eit ekstra press kjem ofte som følge av intens oppfølging frå utanforståande – blant anna media. Konklusjonen på dette blir at ein god kriseberedskap krev eit gjennomarbeidd planverk følgt opp med trening.

Som eit resultat av dette blei det i november gjennomført ei krise- og beredskapsøving. Sjølv om øvinga var ei skrivebordsøving, kom det fram både rusk i planverket og behov for bestriving av rutineane. Brønnøysundregistra er svært opptekne av å ha god kriseberedskap for å vere så tilgjengelege for brukarane våre som råd, og vi vil jobbe vidare med kontinuerleg opplæring og nye øvingar.





Omvising på Nevernes då Einingsregisteret feira 10-års jubileum.

## Ti år med Einingsregisteret

**1. mars 2005 var det ti år sidan Einingsregisteret blei erklært opna. Einingsregisteret har blitt ein større suksess enn mange torde håpe på. Noreg er eitt av få land i verda som har klart å etablere ein unik identifikator for einingar.**

Med ein mykje større stab enn for ti år sidan kunne dei tilsette på registeret feire seg sjølve på bursdagen med kake og ein kaffitår. 1. september blei jubileet markert med ei enkel samling i auditoriet der tilsette, leiarar og deltakarar frå prosjektet var til stades, saman med representantar for dei tilknytte registra og Nærings- og handelsdepartementet.

- Det har vore ei rivande utvikling for Einingsregisteret sidan oppstarten. Bruken av organisasjonsnummeret og gjenbruken av grunndataopplysningar frå Einingsregisteret har vore avgjerande for å lykkast med forenkling- og samordningsarbeidet i det offentlege. Einingsregisteret har dermed fått ein sentral posisjon, og får derfor høge forventningar og krav om å dekkje nye behov både i det private og det offentlege, seier leiar for registeret, underdirektør Arnt Kristiansen.

## Sommarope på Brønnøysundregistra

**Sist sommar tok Brønnøysundregistra imot grupper til omvising tre onsdagar på rad. Det har frå tid til anna kome spørsmål om eit slikt tilbod til folk som ønskjer å få vite litt meir om kva vi i Brønnøysundregistra gjer. Destinasjon Sør-Helgeland og hotella marknadsførte tilbodet, i tillegg til annonsering i lokalavisa.**

Talet på deltakarar var sett til 30 på kvar omvising. På første omvisinga var det 13 deltakarar, medan det på dei to siste var heile 48 og 38 deltakarar. Kurscenteret tok likevel imot alle, og delte gruppa slik at det blei færre på kvar omvising. Presentasjonane og omvisingane blir leidde av medarbeidarane ved Kurscenteret.

- «Sommarope» er eit prøveprosjekt, og erfaringane vi haustar, vil avgjere om vi skal halde fram med tiltaket også neste år, seier leiaren ved Kurscenteret, Signar Slåttøy.

Deltakarane karakteriserte tiltaket som svært vellykka, og gav ros til dei tilsette ved Kurscenteret for jobben dei gjorde. Ein av deltakarane ønskte at fleire frå lokalmiljøet i Brønnøysund ville nytte høvet til å lære meir om denne viktige arbeidsplassen der så mange frå lokalmiljøet har sitt virke.

Ut frå populariteten ser det ut til at omvisingane ved Brønnøysundregistra blir eit årvisst tiltak kvar sommar.

Mange var interesserte i å høyre meir om Brønnøysundregistra under omvisinga sist sommar.



## Langvegsfarande besøk



Den eine av to delegasjonar frå Kina på besøk ved Brønnøysundregistra.

**Mange andre land skjeler til Brønnøysundregistra når dei skal byggje opp egne register. Også i 2005 var det mange delegasjonar frå andre land på registerbesøk i Brønnøysund.**

Først ute var ein delegasjon frå Litauen for å studere dei norske registerløysingane. På forsommaren kom ein delegasjon frå den norske ambassaden i Mosambik, og i kalde og mørke november kom ein ny delegasjon frå same landet.

Dei mest langvegsfarande var to delegasjonar frå Kina, den eine på sju personar frå det kinesiske

organisasjonskoderegisteret i Shanghai og den andre på seks personar frå National Administration for Code Allocation to Organizations (NACAO) i Beijing. Delegasjonen brukte to og ein halv dag ved Brønnøysundregistra.

Felles for alle delegasjonane er at dei ønskjer studere registerløysingane i Brønnøysund, primært Einingsregisteret, Føretaksregisteret, Lausøyregisteret og Oppgåverregisteret. I tillegg har det vore interesse for den totale brukarservicen ved Brønnøysundregistra.

## Ny avdeling for elektroniske fellestenester

**Frå 1. september blei ei ny avdeling mellomels oppretta ved Brønnøysundregistra, Avdeling for elektroniske fellestenester. Omorganiseringa inneber at Altinn sentralforvaltning er organisert som ein seksjon i den nye avdelinga. Det same gjeld for Sikkerhetsportalen. Kvar seksjon har førebels sin eigen seksjonsleiar. Avdelinga blir leidd av Hallstein Husand, som også var avdelingsleiar for Altinn sentralforvaltning før omorganiseringa.**

Ei arbeidsgruppe blei samtidig sett ned for å sjå på organiseringa av ein del oppgåver ved Brønnøysundregistra i eit lengre perspektiv. Konklusjonen frå arbeidsgruppa er at avdelinga bør opprettast permanent, og at Oppgåverregisteret og prosjektet som har jobba med modellering av metadata, også bør innlemmast i den nye avdelinga. Samtidig vil informasjonsressursane i Altinn bli lagde under den felles informasjonsstaben ved



Arbeidsgruppa som jobba med organisering av den nye avdelinga for nye tenester.

registra. Omorganiseringa blir sett i permanent drift med frist frå sommaren 2006.

Den mellombelse endringa i organiseringa kjem til møtes med kravet frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet om å skilje oppgåver for Sikkerhetsportalen frå oppgåvene til Altinn. Organiseringa gjer også sitt til at personalet i Altinn sentralforvaltning vil ha sin nærmaste leiar lettare tilgjengeleg. Dette er ein fordel, både for fagleg oppfølging og ikkje minst innanfor personal- og økonomifeltet.

## Ting og betal jegeravgiftskort på nett

**Ønskjer du å dra på jakt, men manglar jegeravgiftskort? Frå sommaren 2005 vart det mogleg å tinge og betale jegeravgifta via Internett. Då slepp du å vente på jegeravgiftskortet i posten og kan dermed reise på jakt med det same.**

Den nye betalingsløysinga gjer det mykje enklare for jegerane. Løysinga er svært nyttig for dei som alt er i gang med årets jakt sesong, men som ikkje har fått eller har mista jegeravgiftskortet, og treng eit nytt kort med ein gong. Dersom jegeravgifta blir betalt med kredittkort, blir betalinga umiddelbart registrert i Jegerregisteret. Jegeren kan skrive ut eit mellombels jaktkort som er gyldig i sju dagar, og kan med ein gong dra på jakt. Denne kvitteringa må takast med på jakt inntil jegeren får eit kvittert jegeravgiftskort eller oblat i posten.

Under «Dei Nordiske Jakt- og Fiskedagar» på Elverum i august blei registrert jeger nummer 400 000 heidra med ei gåve frå Jegerregisteret,

eit stormkjøkken og ei T-skjorte med Jegerregisteret sin logo. Snart 16 år gamle Lars Enersen frå Heradsbygd i Hedmark som vant premien, har alt følgt far sin på jakt mange gonger, men stod i fjor framfor sin første sesong som sjølvstendig jeger.

## Klart for elektronisk tinglysing

**I oktober passerte lova statsråd som opnar for elektronisk tinglysing av salspant, og tok umiddelbart til å gjelde. Samtidig vedtok Justisdepartementet forskrifta som i praksis vil seie at Lausøyreregisteret i samarbeid med Sparebanken Vest kan starte prøveprosjektet med elektronisk tinglysing av salspant utan at det er nødvendig å kontrollere opplysningane mot originaldokumentet.**



Snart er mikrofilmmaskina ein saga blott. Arbeidsgruppa som har jobba med elektronisk tinglysing.

Spørsmålet om å leggje til rette for elektronisk tinglysing av salspant blei reist frå Brønnøysundregistra si side alt i 1998. Då var ikkje tida mogen, men i januar 2003 starta prosjektet «Elektronisk salspant» i samarbeid med Sparebanken Vest. Vel eitt år seinare blei framlegg til forskrift sendt frå Brønnøysundregistra til Justisdepartementet.

Lova var ferdig utarbeidd og blei vedteken i Stortinget 28. april 2004.

Løysinga som er laga, inneber i stor grad ei automatisering av sjølve tinglysingsprosessen. Før prøveprosjektet kan setjast i gang, må det gjennomførast slutttesting mot Sparebanken Vest og dataleverandøren deira, EDB bank og finans.

## Kontrollerer medlemskap i trus- og livssynssamfunn

**I 2005 etablerte Brønnøysundregistra på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet ei løysing for kontroll av medlemskap i trus- og livssynssamfunn. Formålet med løysinga er å gje eit betre grunnlag for og kontroll med utrekninga av det statlege og kommunale tilskotet.**

Det blir stilt krav om at trus- eller livssynssamfunn må vere registrerte i Einingsregisteret. Kvart samfunn må årleg sende inn ei medlemsliste som kan lesast digitalt, med fødselsnummer for alle medlemmer det blir kravd tilskot for. Listene blir kontrollerte for dobbeltmedlemskap, ikkje-norsk statsborgarskap, personstatusar som ikkje har rett til tilskot, og ugyldige fødselsnummer.

Data blir årleg vaska mot Det sentrale folkeregisteret, Den norske Kyrkja sitt medlemsregister og mot listene frå trus- og livssynssamfunna. Dei ulike samfunna får så høve til å rette opp feil før endelege tilskotslister blir produserte og sende til fylkesmennene og kommunane.

Etter at klagefristen er gått ut, blir alle data frå medlemslistene sletta.

## Altinn - frå rapportering til dialog

### I 2005 tok Altinn steget frå å vere ein portal for elektronisk rapportering til å bli ei løysing for elektronisk dialog med det offentlege.


Alt i august 2004 blei det utarbeidd planar for å vidareutvikle Altinn frå å vere ein rein innrapporteringskanal til å bli ei løysing for tovegs elektronisk kommunikasjon mellom brukarane og det offentlege. I juni 2005 var «Mottatt»-postboksen på plass på hovudsida i Altinn. Både privatpersonar og føretak fekk dermed sin eigen elektroniske postkasse for meldingar og «rekommanderte brev» frå etatane som er med i Altinn-samarbeidet.

#### Rekneskapsregisteret først ute

Rekneskapsregisteret var først ute med å ta den nye funksjonaliteten i bruk. Registeret la ut ei elektronisk melding til alle dei som hadde sendt inn årsrekneskapsregisteret elektronisk, om den var godkjend eller nekta. Samstundes var fleire etatar i full gang med planlegginga av dialogfunksjonalitet gjennom Altinn. Både Lånekassen og Husbanken gjorde klart for å leggje ut fleire hundre tusen årsoppgåver rett over nyttår. Skatteetaten planlegg også omfattande bruk av Altinn-dialog i tida framover.

#### eForvaltningsforskrifta

Sjølv om dialogløysingane i Altinn gjer det mogleg for etatane å spare millionar av kroner på utsending av brev og meldingar, er det visse krav som må oppfyllest før innsparingspotensialet kan utnyttast. Krava er formulerte i «forskrift om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltninga», eller «eForvaltningsforskrifta», som ho gjerne blir kalla. Forskrifta krev blant anna at det skal registrerast om brukaren har motteke dokumentet som er sendt frå etaten, og tidspunktet det skjer. Dersom brukaren ikkje har opna dokumentet frå etaten innan éi veke etter at det blei gjort tilgjengeleg, må etaten sende dokumentet på papir i vanleg post.



Figuren viser transaksjonsutvikling inkludert prognose for transaksjonar inn og ut av Altinn for 2006. Medan det berre blei sendt ut om lag 36 000 Ut-transaksjonar i 2005, er det venta at det vil skje ein eksplosjonsarta vekst i Ut-transaksjonar i 2006.

#### Vidareutvikling

For å imøtekomme krava i eForvaltningsforskrifta er det planlagt ny funksjonalitet i Altinn sommaren 2006. Denne vil gjere det mogleg for brukaren å stadfeste om han/ho har motteke meldingar frå ein Altinn-etat. Det vil også bli mogleg for etaten å varsle brukaren pr. e-post eller på SMS om at det er kome melding i motteke-postboksen i Altinn. Likevel kan sjudagarsfristen i eForvaltningsforskrifta vere for knapp til at etatane kan unngå å sende ut på papir ved dei store utsendingane, på grunn av at tida som krevst til trykking og distribusjon, vil vere lengre enn sju dagar.



Dagleg leiar ved internettkaféen QBA bar og restaurant på Grünerløkka i Oslo, Willy H. Johannesen, er svært godt nøgd med at han kan rapportere viktige oppgåveplikter elektronisk via Altinn. Foto: Carl Martin Nordby

**Næringslivet bruker mindre tid på skjemaaplik-tene dersom dei bruker Altinn. Det meiner eit overveldande fleirtal av norske bedriftsleiarar i ei stor undersøking som blei utført for Brønnøysund-registra i juni 2005.**

Meir enn 7 av 10 bedriftsleiarar meiner bedrifta deira bruker mindre tid på offentleg skjemaarbeid ved bruk av Altinn. Heile 85 prosent av føretaka vil helst nytte Internett og elektroniske skjema framfor papirbaserte ved innrapportering av offentlege oppgåveplikter. Resultatet i undersøkinga blir stadfesta av dagleg leiar Willy H. Johannesen på QBA bar og restaurant på Grünerløkka i Oslo.

– I dag er rekneskapen vår i Mamut integrert mot Altinn, så alt eg treng å gjere når eg skal rapportere arbeidsgjevaravgift, sjølvmelding, moms osv., er å trykkje på ein knapp. Deretter blir alle nødvendige data automatisk overførte til Altinn. Det kunne knapt vore enklare. Eg meiner Altinn aukar utsiktene for dei små bedriftene til å klare seg. Ikkje minst i oppstartsfasen, der all tid bør gå til å få butikken i gang, seier Johannesen.

### Vil ha ein kanal

Undersøkinga viser vidare at så mange som 87 prosent av føretaka her i landet meiner at all offentleg informasjon og alle skjema bør vere tilgjengelege gjennom ein felles portal. Blant Altinn-brukarane meinte heile 94 prosent at alle offentlege skjema bør kunne innrapporterast gjennom Altinn. – Her er næringslivet og regjeringa heilt på linje. I regjeringa sin «Handlingsplan for eit enklare Noreg 2005–2009» heiter det at alle lovpålagde innrapporteringsplikter skal inn i Altinn-løysinga innan utgangen av 2008, seier direktør Erik Fossum ved Brønnøysundregistra.

### Stadig enklare

Om lag tre av fire næringslivsleiarar svarer ja på spørsmål om det er enkelt å bruke Altinn. I ei tilsvarende undersøking som blei utført i desember 2004, svarte 58 prosent det same. Dei to undersøkingane viser også god framgang når det gjeld kjennskapen til Altinn. Medan 41 prosent svarte at dei kjende til Altinn i desember 2004, var kjennskapen auka til 60 prosent i juni 2005. I den siste undersøkinga seier 9 av 10 Altinn-brukarar at be-

drifta kjem til å nytte Altinn i større grad framover. Undersøkingane blei gjennomførte av Perduco blant eit representativt utval på 2 000 bedrifter.

**Påstand 1:** Vår bedrift bruker mindre tid på offentleg skjemaarbeid ved bruk av Altinn




Fig. 1: Meir enn 7 av 10 bedriftsleiarar svarte ja på påstanden «Vår bedrift bruker mindre tid på offentleg skjemaarbeid ved bruk av Altinn».

**Påstand 2:** Alle offentlege skjema bør kunne innrapporterast gjennom Altinn





Fig. 2: Nær 94 prosent av dei spurde bedriftsleiarane meiner at alle offentlege skjema bør kunne innrapporterast gjennom Altinn.

## Veksten held fram

**Altinn held fram med å vekse, både i talet på transaksjonar og talet på etatar som er med i Altinn-samarbeidet. Talet på unike brukarar av Altinn blei tidobla i løpet av 2005.**

At talet på unike brukarar auka frå vel 130 000 i 2004 til vel 1,33 millionar i 2005, kjem i stor grad av sjølvmelding for lønstakarar og pensjonistar. Veksten var dessutan stor også på andre område. Det var til dømes 60 prosent fleire føretak som rapporterte gjennom Altinn i 2005 enn året før.




Sjølvmelding for lønstakarar og pensjonistar har det meste av æra for den sterke veksten i talet på unike brukarar av Altinn i 2005. Men veksten i elektronisk rapportering frå næringslivet er også stor.

### Sterk vekst

Den delen næringsdrivande som leverte sjølvmelding via Altinn, auka frå 37 prosent til oppunder 65 prosent. Beste resultatet i landet oppnådde Lofoten, der heile 91 prosent av næringslivet leverte sjølvmeldinga gjennom Altinn. Vi snakkar her om ei vekstkurve for næringslivet sin bruk av Altinn som er brat-

tare enn kurva for utbreiing av både e-post og «instant messaging». Også for rapportering av meirverdiavgift og aksjonærregisteroppgåva passerte delen som leverte via Altinn, 60 prosent i 2005.



Diagrammet viser prosentdelen av dei innsendingspliktige som har rapportert elektronisk via Altinn. Søylene for næringslivsskjemaer er delte i to for å vise delen som er komen inn direkte frå brukarane sine egne fagsystem. Delen varierer frå 3 prosent for MVA-rapportering til over 80 prosent for årsrekneskap, aksjonærregisteroppgåva og sjølvmelding for næringsdrivande. Det er verd å merke seg at delen som sender inn frå fagsystem, har gått ned frå rundt 90 prosent i 2004 til om lag 83 prosent i 2005 for sjølvmelding for næringsdrivande. Delen på 55,2 prosent for sjølvmelding for lønstakarar og pensjonistar gjeld all elektronisk rapportering, både via Internett, sms og telefon.

### Eit stykke att

Terminoppgåva for arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk oppnådde nesten ei tidobling, frå over 13 000 skjema til i overkant av 130 000 via Altinn. Dette blir berre rundt 15 prosent, så for denne oppgåveplikta er det framleis eit stykke att. Det same gjeld årsrekneskap til Brønnøysundregistra, som oppnådde ei

firedobling av elektronisk rapportering noko som utgjer om lag 20 prosent. Elektronisk årsrekneskap slit framleis med utfordringar knytte til mellom anna arbeidsflyt og signeringsproblematikk. Ein månads utsetjing av fristen ved levering via Altinn var truleg ei viktig årsak til at så mange som 37 000 årsrekneskapar kom inn gjennom Altinn, sjølv om målet på 60 000 ikkje blei nådd.


#### Frå 10 til 14 etatar

Fire etatar blei nye samarbeidspartnarar i Altinn i 2005. Nykomarane var Statens innkrevingsentral, Husbanken, Statens forureiningstilsyn og Statens landbruksforvaltning. Altinn sentralforvaltning var i kontakt med ei rekkje andre etatar og tilsyn og arrangerte informasjonsmøte med fleire av dei. Ei rekkje etatar er i ein utgreiingsfase, og fleire er på veg inn i Altinn. Ein del etatar har venta med å signere samarbeidsavtale med Altinn i påvente av arbeidet med ny prismodell, ein prosess som gjekk føre seg store delar av året.


#### Etatar som er med i Altinn-samarbeidet

Brønnøysundregistra  
 Skatteetaten  
 Statistisk sentralbyrå  
 Lånekassen  
 Konkurransetilsynet  
 Fiskeridepartementet  
 Økokrim  
 Norges bank  
 Produktregisteret  
 Kredittilsynet  
 Statens innkrevingsentral  
 Husbanken  
 Statens forureiningstilsyn  
 Statens landbruksforvaltning


Fire etatar signerte samarbeidsavtale med Altinn i 2005. I tillegg var Patentstyret og Lotteri- og stiftingstilsynet på veg inn ved slutten av året.



I dei to første åra med Altinn er det kome inn fleire enn 7,4 millionar enkeltskjema gjennom løysinga. Med enkeltskjema reknar vi både hovudskjema og vedleggsskjema. I 2005 kom det inn drygt 5,6 millionar enkeltskjema, 170 prosent fleire enn året før. Om lag 1,8 millionar av skjema var skjema for privatpersonar, mens resten var næringslivsskjema.







## 2005-tal frå Brønnøysundregistra

**Statistikken i Brønnøysundregistra si årsmelding for 2005 kan samanliknast med statistikken i årsmeldinga for fjoråret med unntak av nokre endringar. Statistikk som gjeld Altinn finn du ein annan stad i årsmeldinga.**


Vi har prøvt å gjere statistikken forståeleg ved hjelp av forklarande tekstar til den grafiske presentasjonen. I den grad det har vore markerte endringar i forhold til tidlegare år, har vi prøvt å forklare årsakene til endringane.

Statistikken er systematisert i sju hovudkapittel:

- Næringsregistreringar
- Årsrekneskapar
- Tinglysingar
- Konkursar og tvangsavviklingar
- Informasjon frå registra
- Andre registerområde
- Personalet ved Brønnøysundregistra

For å vise utvikling over tid, har dei fleste grafane tal som viser utviklinga for dei siste tre til fem åra. Tabellane har tal for det siste året eller dei to siste åra. I tillegg er «grafiske kaker» brukte for å vise prosentvis fordeling.

## Registrert i Einingsregisteret 2001–2005




Den store tilveksten i Einingsregisteret held fram. Ved årsskiftet var det 26 000 fleire einingar enn året før. Ei av årsakene til den store veksten var dei mange nystifta aksjeselskapa i samband med overgangsregel E i skattelova.

Det har vore jamn tilvekst i dei ulike kategoriane i 2005. 263 000 av einingane var registrerte berre i Einingsregisteret, 306 000 var registrerte i ett av dei tilknytte registra, medan 110 000 inngjekk i to av dei tilknytte registra. 94 000 inngjekk i tre eller fleire register.

Samarbeidet mellom Einingsregisteret og dei tilknytte registra gjer at næringsdrivande som skal registrere nytt selskap eller melde endringar, berre treng å gjere dette til Einingsregisteret. Einingsregisteret vidareformidlar dei nødvendige opplysningane til dei tilknytte registra. Dersom endringsmeldingar kjem inn til andre register, skal desse endringane vidareformidlast til Einingsregisteret.

## Registrerte i Einingsregisteret fordelt på hovudgrupper 2003–2005




56 prosent av alle einingane i Einingsregisteret var, som i både 2003 og 2004, enkeltpersonføretak. Talet på enkeltpersonføretak hadde stor auke i fjor med 26 000 einingar. Den andre store gruppa i Einingsregisteret er aksjeselskap, som utgjer nærmare 27 prosent av alle selskapa i registeret.

Det finst ein del uverksame enkeltpersonføretak som ikkje melder sletting til Einingsregisteret. Nyregistreringane kvart år kjem dermed på toppen av bestanden av enkeltpersonføretak i registeret. Det inneber at talet på enkeltpersonføretak i Einingsregisteret stadig aukar.

Talet på foreiningar har hatt ein markant auke med 3 300 i 2005. Ein av grunnane er at stadig fleire foreiningar treng organisasjonsnummer for mellom anna å kunne opprette bankkonto.

## Saker behandla i Einingsregisteret 2002–2005



Saksmengda hadde ein klar nedgang i 2005 samanlikna med året før. Men så var 2004 eit slags «unntaksår» då svært mange rekneskapsførarar skulle oppdatere rekneskapsopplysningane sine i Einingsregisteret for å bli autoriserte brukarar av Altinn. Allikevel blei det behandla nærmare 300 000 saker i 2005, og det er 90–100 000 fleire saker enn i eit normalår då det blir behandla rundt 200 000 saker.

Hovudårsaka til denne auken er at Einingsregisteret frå 2004 overtok arbeidsoppgåver frå Statistisk sentralbyrå. Dette omfattar mellom anna registrering av bedrifter/undereiningar og tildeling av næringskodar. Det blei behandla 65 000 slike saker i 2005.

Totalt kom det inn 388 646 meldingar til Einingsregisteret i 2004. Mange av desse blei vidaresende til tilknytte register, dei fleste til Føretaksregisteret. 40 975 av meldingane kom inn elektronisk. Det er ein auke på 50 prosent frå året før.

## Nyregistrerte føretak 2004–2005 og bestand pr. 31.12.2005


Organisasjonsform	Nyreg. føretak 2005	Bestand 31.12.05	Nyreg. føretak 2004
Aksjeselskap	20 462	165 659	13 206
Allmennaksjeselskap	35	494	19
Ansvarlege selskap	853	20 950	1 092
Ansvarlege selskap med delt ansvar	2 206	15 958	2 282
Boligbyggjelag	5	117	5
Burettslag	405	7 189	300
Eigarseksjonssameige	419	1 676	367
Enkeltpersonføretak	6 680	124 386	7 571
Foreining/lag/innretning	44	788	76
Fylkeskommunalt føretak	1	13	2
Gjensidig forsikringselskap	0	53	0
Interkommunalt selskap	38	191	62
Kommandittselskap	121	1 025	101
Kommunalt føretak	19	205	49
Norsk registr. utanlandsk føretak	2 479	5 563	1 396
Partrederi	28	813	27
Statsføretak	0	5	0
Selskap med begrensa ansvar	107	2 219	141
Sparebank	0	125	0
Stiftingar	18	974	23
Anna føretak etter særskilt lov	0	66	4
<b>Totalt</b>	<b>33 920</b>	<b>348 469</b>	<b>26 723</b>

I 2005 blei det registrert heile 33 920 nye føretak i Føretaksregisteret, og det er det høgaste talet på nyregistreringar på eitt år sidan etableringa av Føretaksregisteret i 1988. Samanlikna med 2004 utgjorde dette 5 801 fleire nyregistreringar eller 20,6 prosent. Ei av årsakene til den store auken er alle dei nystifta aksjeselskapa i samband med overgangsregel E i skattelova. På grunn av denne overgangsregelen var det enorm inntøms på slutten av året, og rundt 14 000 av dei innkomne meldingane blei derfor ikkje registrerte før i 2006.

Ved utgangen av fjoråret var det registrert 348 469 føretak i Føretaksregisteret. I løpet av året blei det sletta 15 265 føretak, så netto tilvekst i føretaksregisteret i 2005 er på 15 355 føretak.

Det siste året har det vore ein stor auke i talet på nyregistrerte aksjeselskap i Føretaksregisteret. Det blei registrert 20 462 nye aksjeselskap, som er ny rekord. Høgaste talet på nyregistrerte aksjeselskap tidlegare var i 2000, då det blei registrert nærmare 14 000 nye aksjeselskap.

## Registrerte føretak fordelt på føretakstypar. Prosent pr. 31.12.2004 og 31.12.2005



I forhold til andre føretakstypar har delen for aksjeselskap dei siste åra blitt mindre og mindre for kvart år, men i 2005 stansa denne utviklinga, og delen auka med 0,9 prosent frå året før. Ved den første oppteljinga for over ti år sidan utgjorde aksjeselskap nesten 70 prosent, no er delen nede i knapt 48 prosent.

Tilbakegangen i typen enkeltpersonføretak som vi såg i 2004, heldt fram også i 2005, og gjekk ned med 0,9 prosent. Mengda selskap med uavgrensa ansvar og selskap med avgrensa ansvar låg på same nivå som året før.

## Nyregistreringar og slettingar i Føretaksregisteret fordelte på fylke

Fylke	Registrert 2005	Sletta 2005	Registrert 2004	Sletta 2004
Østfold	1 603	754	1 386	906
Akershus	3 587	1 671	2 852	1 835
Oslo	6 910	3 427	5 253	3 732
Hedmark	934	427	769	471
Oppland	1 167	468	885	468
Buskerud	1 940	823	1 448	886
Vestfold	1 689	737	1 274	796
Telemark	1 078	445	823	508
Aust-Agder	696	242	587	301
Vest-Agder	1 335	453	1 023	498
Rogaland	2 916	1 090	2 088	1 180
Hordaland	3 097	1 318	2 367	1 372
Sogn og Fjordane	590	274	496	264
Møre og Romsdal	1 406	717	1 230	819
Sør-Trøndelag	1 800	747	1 372	812
Nord-Trøndelag	665	285	660	334
Nordland	1 235	677	1 098	792
Troms	847	450	720	475
Finnmark	391	254	375	261
Svalbard	34	6	12	5
Utland	0	0	1 401	117
<b>Sum</b>	<b>33 920</b>	<b>15 265</b>	<b>28 119</b>	<b>16 832</b>

Talet på nyregistreringar i Føretaksregisteret hadde ein stor auke også i 2005. Det blei registrert 5 801 fleire selskap enn i 2004. Talet på slettingar har gått ned. I 2005 blei det sletta 15 625 selskap, 1 207 færre enn året før.

Netto tilvekst til Føretaksregisteret blei dermed på 15 355 selskap i 2005. Som tidlegare år var det størst aktivitet og dermed flest nyregistreringar og slettingar i fylke med større byar og tettare befolkningskonsentrasjon.

I fjor var det auke i talet på nyregistreringar i alle fylka i landet.


## Føretak oversende til tingretten 2001–2005

Grunnlag for oversendinga	2001	2002	2003	2004	2005
Manglande revisor	788	897	777	833	659
Ikkje komplett styre	186	222	232	204	168
Manglande dagleg leiar	1	3	9	3	3
Ikkje innbetalt restkapital			0	0	0
Manglande aksjekapital mindre enn 100 000 kroner				694	-
Aksjeselskap som har vore oppløyst i meir enn eitt år	497	848	914	630	929
<b>Totalt</b>	<b>1 472</b>	<b>1 970</b>	<b>1 932</b>	<b>2 364</b>	<b>1 759</b>
Retta opp etter at tingretten overtok saka	1 115	1 090	1 051	1 186	993
Tvangsoppløyst ev. under behandling hos tingretten	975	1 146	978	1 361	869

Talet på føretak oversende til tingretten hadde ein tydeleg nedgang frå 2004 til 2005. I fjor blei totalt 1 759 selskap oversende til tingretten, ein nedgang på 605 frå 2004. Hovudårsakene var som tidlegare år manglande revisor eller at føretaket ikkje hadde komplett styre. 929 aksjeselskap blei oversende til tingretten fordi dei hadde vore oppløyste i meir enn eitt år.

Av selskapa som blei oversende til tingretten, ordna 993 selskap opp i tilhøva som låg til grunn for oversendinga. 869 selskap blei tvangsoppløyste eller var under behandling av tingretten.

## Innsende årsrekneskapar for rekneskapsåra 2000–2004 (i prosent)




For rekneskapsåret 2004 var det knapt 158 000 innsendingspliktige selskap, det same som året før. 142 300 av desse selskapa var aksjeselskap. Årsrekneskapan skal vere sendt inn til Rekneskapsregisteret før 1. august. Då fristen gjekk ut, hadde vel 120 000 av desse sendt inn årsrekneskapane sine, 8 000 kom inn elektronisk gjennom Altinn.

For å få fleire til å sende inn årsrekneskapane elektronisk, fekk dei som tenkte å sende inn elektronisk gjennom Altinn, ein månads ekstra frist på seg til innsendinga. Då den nye fristen gjekk ut 1. september, var nærmare 141 000 årsrekneskapar komne inn, ca. 10 000 nye gjennom Altinn og om lag like mange på papir. Totalt kom det inn 35 500 elektroniske årsrekneskapar, av desse blei 31 892 godkjende, eller ca. 20 prosent av totalen.


Ved slutten på året hadde det kome inn 155 700 godkjende årsrekneskapar, eller 98,6 prosent. 9 056 selskap blei ilagde forseinkingsgebyr i 2005. Ved årsskiftet var det framleis 1 632 selskap som hadde løpande forseinkingsgebyr.

## Aksjeselskap oversende til tingretten i 2005 for manglende innsending av 2003-rekneskapen (i prosent)



183 selskap eller 53,4 prosent av selskapa som blei oversende til tingretten i 2005 for ikkje å ha sendt inn 2003-rekneskapar, blei tvangsoppløyste. 100 selskap eller 29,2 prosent av etternølarane sende omsider inn årsrekneskapane sine, slik at selskapa slapp unna tvangsoppløysing. Det blei opna konkurs i 53 selskap som ikkje hadde sendt inn årsrekneskapen, medan tre selskap hadde meldt frivillig oppløysing. Fire selskap var framleis under behandling i tingretten ved årsskiftet.

## Tinglysingar 2001-2005




Talet på tinglysingar i Lausøyreregisteret var på nærmare 369 000 i 2004. Etter ein jamn auke til og med 2002, gjekk talet på tinglysingar merkbar tilbake i 2003 på grunn av at retinglysing av pant i driftstilbehør blei avslutta i 2002. Dei tre siste åra har talet på tinglysingar lege på rundt 370 000 eller i underkant.

Talet på «Salspant i motorvogn» gjekk ned i 2005 etter ein auke dei to føregående åra.

Talet på tinglyste leasingavtalar har auka att dei tre siste åra. Ei avgjerd i Høgsterett medførte reduksjon av talet på tinglyste leasingavtalar frå 2001. Ei utdjuing av leasingomgrepet førte til redusert behov for tinglysing av enkelte leasingavtalar.


## Opna gjeldsforhandlingar og tinglyste gjeldsordningar 2001-2005



Talet på slettingar auka jamt og trutt fram til 2002. Dei tre siste åra har det derimot blitt sletta færre og færre pant for kvart år, sjølv om nedgangen ikkje har vore stor.

Talet på tinglyste utleggsforretningar har også hatt ein nedgang dei to siste åra etter ein jamn auke fram til og med 2003.

For å vise dei mest nytta dokumenttypene har vi delt grafen i to. Den første grafen viser dokumenttypar som har frå ca. 10 000 tinglysingar i året og oppover. Den delen av søyla som omfattar «anna», er vist i ein annan graf som viser dokumenttypar ned til ca. 1 000 tinglysingar i året.




Talet på opna gjeldsforhandlingar har auka dei siste åra, spesielt i 2003 og 2004 var det ein stor auke. I 2005 blei det opna 2 673 gjeldsforhandlingar, 1 676 enda i ei frivillig gjeldsordning, medan 597 enda i ei tvungen gjeldsordning.

For enkelte av gjeldsordningane som blei opna i slutten av 2005, vil ikkje avtale om frivillig eller tvungen gjeldsordning bli inngått før i 2006.

For enkelte av dei andre opna gjeldsforhandlingane blei det ordna opp i gjeldsproblema på ein eller annan måte, eller grunnlaget for gjeldsordning var ikkje til stades.


## Konkursar og tvangsavviklingar 2001-2005



Talet på konkursar gjekk framleis ned i 2005. Etter ein topp på over 5 000 konkursar i 2003, blei konkurstalet redusert med over 800 i 2004, og hadde ein vidare nedgang med 767 i 2005. Dermed var talet på konkursar igjen nede på «normalen» på rundt 3 500 konkursar i året. Det ser ut til at den nye gjeven i næringslivet på grunn av stabil kronekurs og låge renter på nytt gjev seg utslag i lågare konkurstal. 2 016, eller 57,6 prosent av alle konkursane i 2005 var, som tidlegare år, i private aksjeselskap. 1 367, eller 39 prosent av konkursane, var personlege konkursar. Dei fleste personlege konkursane (877) var knytte til konkursar med enkeltpersonføretak.

Talet på tvangsavviklingar gjekk kraftig ned i 2005. Det var 527 færre tvangsavviklingar i fjor enn året før. Grunnen til det høge talet på tvangsavviklingar i 2004 var at nærmare 700 selskap blei tvangsavvikla fordi dei ikkje hadde auka aksjekapitalen til krava i aksjelova om 100 000 kroner i aksjekapital innan fristen. I fjor stod Føretaksregisteret for 869 tvangsavviklingar. Hovudårsakene var manglande revisor eller at styret ikkje var komplett.

## Nye og sletta/utgåtte konkurskarantener 2001-2005



Talet på løpande konkurskarantener går jamt nedover etter ein topp i 2001 og 2002. I 2004 auka talet igjen med rundt 50. Talet på nye konkurskarantener har også vist ein fallande tendens dei siste åra, men auka att i 2004. I fjor gjekk talet ned att. Ein konkurskarantene varer i to år.



## Konkurskarantener pr. 31.12.2005 fordelt på fylke

Fylke	Nye	Gått ut/oppeha	Løpande
<b>2005</b>			
Østfold	19	19	44
Akershus	46	38	76
Oslo	35	50	74
Hedmark	16	12	26
Oppland	11	21	23
Buskerud	21	26	43
Vestfold	12	27	28
Telemark	4	0	4
Aust-Agder	8	5	12
Vest-Agder	3	3	4
Rogaland	30	16	49
Hordaland	12	9	19
Sogn og Fjordane	3	3	4
Møre og Romsdal	6	11	9
Sør-Trøndelag	22	24	34
Nord-Trøndelag	15	8	24
Nordland	11	17	22
Troms	12	13	20
Finnmark	5	6	8
Svalbard	0	0	0
Utanlands	16	17	30
Ukjent	0	0	1
<b>Sum</b>	<b>307</b>	<b>325</b>	<b>554</b>

Som tidlegare år var det flest nye konkurskarantener i Austlandsområdet, flest i Akershus (46) og Oslo (35). Rogaland hadde 30 nye konkurskarantener, medan Hordaland derimot berre hadde 12.

Det var dei same fylka som også toppa statistikken over løpande konkurskarantener. Akershus hadde 76, Oslo hadde 74 og Rogaland hadde 49 løpande konkurskarantener. Også Østfold og Buskerud hadde relativt mange løpande konkurskarantener, høvesvis 44 og 43. Unnataket var, som det har vore dei fire siste åra, Hordaland med storbyen Bergen, der det berre var 19 løpande konkurskarantener. Sør-Trøndelag med Trondheim hadde 34 løpande konkurskarantener.

Samanlikna med 2004 blei det i 2005 totalt registrert 35 færre nye og 14 færre løpande konkurskarantener.

## Konkursar og tvangsavviklingar fordelt på fylke

Fylke	Konkursar 2005	Konkursar 2004	Konkurs endring %	Tvangsavvikl. 2005	Tvangsavvikl. 2004	Tvangsavvikl. endr. %
Østfold	201	217	-7,4 %	46	84	-45,2 %
Akershus	439	454	-3,3 %	115	190	-39,5 %
Oslo	686	838	-18,1 %	247	423	-41,6 %
Hedmark	117	144	-18,8 %	20	26	-23,1 %
Oppland	97	130	-25,4 %	14	28	-50,0 %
Buskerud	150	218	-31,2 %	54	94	-42,6 %
Vestfold	181	187	-3,2 %	51	66	-22,7 %
Telemark	119	169	-29,6 %	17	36	-52,8 %
Aust-Agder	46	54	-14,8 %	8	15	-46,7 %
Vest-Agder	75	96	-21,9 %	30	26	15,4 %
Rogaland	191	277	-31,0 %	55	100	-45,0 %
Hordaland	276	293	-5,8 %	114	109	4,6 %
Sogn og Fjordane	59	76	-22,4 %	10	15	-33,3 %
Møre og Romsdal	168	199	-15,6 %	33	61	-45,9 %
Sør-Trøndelag	192	267	-28,1 %	57	74	-23,0 %
Nord-Trøndelag	62	106	-41,5 %	20	27	-25,9 %
Nordland	231	312	-26,0 %	45	52	-13,5 %
Troms	143	143	0,0 %	16	51	-68,6 %
Finnmark	58	68	-14,7 %	27	30	-10,0 %
Ishavsøyane	2	1	100,0 %	2	1	100,0 %
Utanlands	5	4	25,0 %	0	0	0,0 %
Ukjent	4	16	-75,0 %	0	0	0,0 %
<b>Sum</b>	<b>3 502</b>	<b>4 269</b>	<b>-18,0 %</b>	<b>981</b>	<b>1 508</b>	<b>-34,9 %</b>

Det blei registrert over 767 færre konkursar i 2005 enn året før, ein nedgang på nærmare 18 prosent. Talet på tvangsavviklingar har også hatt ein stor nedgang, 527 færre enn året før. Det utgjør nærmare 35 prosent. Det er Føretaksregisteret som genererer dei fleste tvangsavviklingane, i fjor utgjorde dette 869 tvangsavviklingar.

Med unntak av Troms som hadde like mange konkursar som i 2004, var det nedgang i alle fylka. Det var størst nedgang i Nord-Trøndelag med 41,5 prosent og i Buskerud og Rogaland med rundt 31 prosent i begge fylka.

Når det gjeld tvangsavviklingar, var det auke i berre eitt fylke, Hordaland, med 4,6 prosent. Størst nedgang var det i Troms (68,6 prosent), Telemark (52,8 prosent) og Oppland (50 prosent).


## Konkursar og tvangsoppløysingar i 2005 fordelte på bransjar

Bransje	Konkurs	Tvangsoppløyst	Sum
Jordbruk og skogbruk	14	2	16
Fiske, fiskeoppdrett	40	17	57
Bergverksdrift og utvinning	6	4	10
Industri	171	74	245
Kraft- og vassforsyning	2	0	2
Bygge- og anleggsverksemd	230	82	312
Varehandel, reparasjon av køyretøy	754	244	998
Hotell- og restaurantverksemd	273	88	361
Transport og kommunikasjon	104	47	151
Finansiell tenesteyting og forsikring	12	6	18
Eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting	414	343	757
Undervisning	22	10	32
Helse- og sosialtenester	16	7	23
Andre sosiale og personlege tenester	63	40	103
Udefinert bransje	1 381	17	1 398
<b>Sum</b>	<b>3 502</b>	<b>981</b>	<b>4 483</b>

Som tidlegare år var det flest konkursar innan bransjane varehandel/reparasjon av køyretøy (754), eigedomsdrift og forretningsmessig tenesteyting (414), og hotell og restaurantverksemd (273).

I 2005 gjekk 439 butikkar som handla med forskjellige vareutval, konkurs. Det same gjaldt 215 restaurantar. Innanfor bygge- og anleggsverksemd var det 230 konkursar. Dei fleste tvangsavviklingane skjedde innanfor dei bransjane som er nemnde ovafor.

## Registrerte tvangsforretningar, tvangssal fast eigedom og utleggsforretningar 2001-2005




Talet på tvangsforretningar held fram med å gå ned også i 2005 etter den kraftige auken som blei registrert i 2003. Nedgangen frå 2004 til 2005 var på over 31 500 tvangsforretningar, eller 14,2 prosent.

Nedgangen i utleggsforretningar var på 25 844, og nedgangen i tvangssal av fast eigedom var på 1 009.

Utleiggsforretningar er saker som går så langt at namsmannen møter opp for å hente med seg eigneluter til dekning av gjeld. Hovudårsaka til at så skjer, er mest sannsynleg at mange handlar på kreditt og tek opp hus- og forbrukslån over evne. Med tida greier dei ikkje å handtere pliktene når gjelda må betalast tilbake.

## Automatiske oppslag mot registra i 2005




Internettoppslaga mot databasane ved Brønnøysundregistra har hatt ein stor auke frå år til år. I 2005 blei det gjort over 41 millionar automatiske oppslag, ein auke på knapt 14 millionar oppslag (opp 50,9 prosent) samanlikna med året før, då auken var på nærmare 7 millionar (opp 36 prosent). Inkludert i dette talet er nærmare 1,5 millionar oppslag via distributørane våre.

Når internettoppslag aukar, søkk bruken av dei gamle automatiske tenestene som Brønnøysundfaksen og Datafonen. Begge er derfor teken ut av bruk.

Blant dei siste nye tenestene som er lagd ut, er Grunndata frå Einingsregisteret via Webservices. Denne tenesta hadde nærmare 2,2 millionar oppslag i 2005. Mange av produkta som tidlegare var å finne på Brønnøysundfaksen, er no å finne på Internett. Det blei gjort 92 000 oppslag mot denne tenesta i 2005.

Vi gjer merksam på at denne grafen har ein logaritmisk skala samanlikna med dei andre grafane i årsmeldinga, som har ein lineær skala.


## Prosentvis fordeling av automatiske oppslag mot registra



Slik ser fordelinga av dei automatiske oppslaga mot Brønnøysundveven ut i 2005. Direkte oppslag via Internett eller WAP-telefon utgjorde nærmare 91 prosent av alle oppslaga. Oppslag via distributørar utgjorde 3,6 prosent, medan oppslag via WebServices utgjorde 5,3 prosent. Dei andre oppslaga via Brønnøysundfaksen, SMS, og andre nettprodukt utgjorde berre 0,4 prosent.


Internett er blitt brukarane sin distribusjonskanal når det gjeld automatiske oppslag frå Brønnøysundregistra. Opplysningar kan lastast ned frå nettet når det passar brukaren, 24 timar i døgnet, 7 dagar i veka.

## Prosentvis fordeling av oppslag mot forskjellige nettenester



Som tidlegare år var *Nøkkelopplysningar frå Einingsregisteret* den mest populære av internettjenestene ved Brønnøysundregistra. Denne tenesta stod for 64 prosent av alle oppslaga, mot 64,9 prosent i 2004. *Kunngjeringar* har også vore ei mykje brukt teneste, over 14 prosent av oppslaga gjaldt kunngjeringar frå Føretaksregisteret, Konkursregisteret og Rekneskapsregisteret. Det same gjaldt *Hefte på motorvogn*, også den hadde over 14 prosent av oppslaga. Brukaren har tre måtar å gjere oppslaga på, Internett, WAP eller SMS. *Grunndata frå Einingsregisteret via WebServices* utgjorde 5,5 prosent av oppslaga. *Oppgåveplikter*, *Løyver*, *Nettprodukt inkludert årsrekneskap* og *European Business Register* stod for resten av oppslaga.

## Førespurnader som opplysningstelefonen har svart på 2001-2005




Etter ein liten oppgang i 2004 gjekk talet på førespurnader til Opplysnings-telefonen ned att i 2005. Det blei svart på godt og vel 550 000 førespurnader, ein nedgang på knapt 25 000 samtalar samanlikna med året før. Det utgjør i snitt over 10 000 samtalar i veka. Gjennomsnittleg ventetid før brukarane fekk svar frå førstelinjetenesta var 34 sekund. Det er fire sekund over målet på 30 sekund i responstid.

Tendensen viser at samtalan dreier meir mot rettleiing i samband med internettjenester, og desse samtalan er meir tidkrevjande. Gjennomsnittleg samtaletid på Opplysningstelefonen var 97 sekund.

I januar 2005 blei det oppretta ei eiga brukarstøtte for Altinn med eige telefonnummer. Talet på samtalar til Altinn brukarservice utgjorde godt og vel 33 000 samtalar. Spesielt i samband med innrapporteringsfristar i Altinn (t.d. sjølvmelding for næringsdrivande) var det stor pågang til Altinn brukarstøtte.

## Reservasjoner i Reservasjonsregisteret 2001-2005




Talet på reserverte i Reservasjonsregisteret som ønsker å slippe adressert reklame i post og på telefon, viser ei kurve som framleis stig. Auken var spesielt stor i 2004 då over 430 000 fleire reserverte seg enn året før. Auken utgjorde då 72 prosent. Auken i 2005 var ikkje så stor, men nærmare 240 000 fleire stod i registeret ved utgangen av 2005 enn året før. Det er ein auke på 19 prosent.

Det var ved årsskiftet 1 275 848 reserverte i registeret. 99,6 prosent reserverte seg mot reklame på telefon, medan 55,5 prosent reserverte seg mot direkte adressert reklame i posten. Statistikken viser at heile 88,7 prosent også reserverte seg mot reklame frå humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar.

Brønnøysundregistra har ikkje marknadsført Reservasjonsregisteret, men registeret har vore mykje omtala i radio, TV og aviser. Etter slike presseoppslag har talet på reservasjoner toppa seg.


## Registrerte norske og utanlandske jegerar



Ved årsskiftet var det registrert i overkant av 400 000 jegerar i Jegerregisteret, vel 395 000 norske jegerar og vel 8 000 utanlandske jegerar. Av dei norske jegerane var 358 441 menn og 38 158 kvinner. Det blei registrert 10 433 nye jegerar i 2005, 8 052 menn og 2 380 kvinner.

Alle som har bestått jegerprøven, blir registrerte som nye jegerar. Men det er ikkje alle dei registrerte jegerane som utøver hobbyen sin. Under halvparten av dei registrerte jegerane betalte jegeravgifta i fjor, og hadde dermed løyve til å drive jakt.

## Registrerte utanlandske jegerar



Ved årsskiftet var det registrert 8 122 utlendingar i Jegerregisteret. 2 224 av desse betalte jegeravgiftskort i 2005 og hadde dermed lov til å drive jakt i Noreg.

Jaktåret startar 1. april og sluttar 31. mars året etter. Statistikken for Jegerregisteret pr. 31.12.05 er derfor ein førebels statistikk.

Belastningsanslag ved nye oppgaveplikter  
2001-2005

Næringslivet si belastning i årsverk	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Nye registrerte skjema	16,3	1,8	2,7	8,8	30,6	4,1
Samordnings- og forenklingstiltak	-32	-65,5	-90,4	-52	-78,3	585
<b>Talet på skjemavariantar</b>						
Nye registrerte skjema	4	10	14	19	22	33
Samordning og forenklingstiltak	-18	-7	-4	-28	-33	-15


Oppgaveregisteret sitt arbeid med forenklingstiltak og samordningstiltak for å minske oppgavebelastninga for næringslivet, viste i 2005 det beste resultatet sidan oppstarten. Samordnings- og forenklingstiltak i 2005 utgjorde heile 585 årsverk. Til samanlikning var belastningsreduksjonen 78,3 årsverk i 2004 og 52 årsverk i 2003.

Sidan Oppgaveregisteret starta arbeidet sitt i 1998, har oppgavepliktene for næringslivet overfor det offentlege blitt redusert med 931 årsverk. Dermed kan mange bedrifter bruke tilsette til meir produktivt arbeid enn å svare på statlege oppgaveplikter.

Stadig fleire etatar melder om samordnings- og forenklingstiltak til Oppgaveregisteret. I alt ti etatar stod for belastningsreduksjonen i 2005; Arbeidstilsynet, Direktoratet for naturforvaltning, Fiskeridirektoratet, Kredittilsynet, Norges bank, Rikstrygdeverket, Skattedirektoratet, Skipsregistra, Statistisk sentralbyrå og Toll- og avgiftsdirektoratet. Belastningsreduksjonen har etatane oppnådd ved gjenbruk av data frå Einingsregisteret og andre register, forenkling av skjema, reduksjon av utval og overgang til elektronisk innrapportering gjennom Altinn.

Totalt utgjorde dei statlege oppgavepliktene ca. 4 930 årsverk pr. 31.12.2005, og belastninga blei utrekna på bakgrunn av 699 statlege skjemavariantar. Resultatet av arbeidet gjennom fjoråret med forenkling og samordning førte til 15 færre skjema. 33 nye skjema har kome til.

## Personalressursar i årsverk, inkludert overtid, 2001-2005




Personalressursane utgjorde totalt 422 årsverk i 2005. Det er ein nedgang på eitt årsverk i høve til i 2004. Basisressursen var på 401 årsverk. Overtid, vikarar og reinhald utgjorde 21 årsverk.

Kvinnedelen av dei fast tilsette ved Brønnøysundregistra gjekk i fjor ned og utgjør no 61 prosent, medan 39 prosent er menn.

I 2004 gjekk sjukefråværet ned, frå 6,9 prosent i 2003 til 5,1 prosent, ein nedgang på 26 prosent. I 2005 auka sjukefråværet litt att til 5,3 prosent. Ei av hovudårsakene til nedgangen i 2004 var at Brønnøysundregistra året før inngjekk ein avtale om inkluderande arbeidsliv.

## Leiarar, kjønnsfordeling (i prosent)



Sjølv om det har blitt fleire kvinnelege leiarar i 2005, er framleis hovudvekta av leiarar ved Brønnøysundregistra menn. I 2005 var det blant leiarane sett under eitt 56 prosent menn og 44 prosent kvinner. I 2004 var fordelinga menn/kvinner 61,5 prosent og 38,5 prosent.

Ser vi på toppleiarane og seksjonsleiarane, var det her stor overvekt av menn, 77,8 og 76,5 prosent. Kvinnedelen har auka på toppleiarernivå, men har gått ned på seksjonsleiarernivå. På gruppeleiarernivå var det overvekt av kvinner med 66,7 prosent, same del som i 2004.

Kjønnsfordelinga i leiarsjiktet speglar dermed ikkje den totale fordelinga mellom kvinnelege og mannlege tilsette ved Brønnøysundregistra. Ved årsskiftet var 61 prosent av dei tilsette kvinner medan 39 prosent var menn. I 2005 blei delen av menn større blant dei tilsette.

**I 2005 var det 257 kvinner og 165 menn av dei 422 årsverka som blei brukte ved Brønnøysundregistra. Når det gjeld likestilling, held Brønnøysundregistra seg som statsetat til regelverket i Statens personalhandbok. I sentrale dokument hos oss, som i personalpolitikk, lokal lønns-politikk og Tilpassingsavtalen til hovudavtalen i staten, er likestilling eit viktig tema.**

### Kjønnsfordeling

I 2005 var fordelinga 61 prosent kvinner og 39 prosent menn. I produksjonsavdelingane inkludert administrasjonsavdelinga er det tilsett mange fleire kvinner enn menn, medan IT-avdelinga, Altinn og toppleiinga er tydeleg mannsdominerte. Menn har dei høgare normerte stillingane. Produksjonsavdelingane har flest kvinner tilsette i dei lågare normerte stillingane. Innanfor leiinga er fordelinga totalt sett 44 prosent kvinner og 56 prosent menn. Gjennomgåande er at det blir fleire menn dess høgare stilling det gjeld. Gruppeleiinga er dominert av kvinner, medan seksjons- og toppleiinga er dominert av menn.

### Nytilsetjingar

I 2005 blei det tilsett totalt 100 personar, 55 prosent kvinner og 45 prosent menn. I stillingar som fullmektig, reinhaldsbetjent, sekretær, første-sekretær og konsulent blei det tilsett 51 personar fordelte på 67 prosent kvinner og 33 prosent menn. I stillingar som førstekonsulent, rådgjevar, gruppeleiar, underdirektør og avdelingsdirektør blei det tilsett 49 personar, fordelte på 43 prosent kvinner og 57 prosent menn. Trenden innan-

for denne gruppa er tilsetjing av fleire kvinner. I sistnemnde gruppe blei det tilsett åtte personar i leiarstillingar, fem kvinner og tre menn. Det er ei jamnare kjønnsfordeling når det gjeld det samla talet på tilsetjingar samanlikna med fjoråret. Kvin-nedelen ved tilsetjingar i dei lågaste stillingskate-goriane har auka med 5 prosent samanlikna med 2004. Innanfor dei høgaste stillingskategoriane – frå førstekonsulent og oppover – har det vore ein liten reduksjon i kvinnedelen på to prosent samanlikna med 2004.

### Aldersgrupper

Alderssamansetninga i aldersgruppa 20–29 år viser like mange kvinner og menn, medan det i aldersgruppa 30–54 år (med unntak av gruppa mellom 35 og 39 år) er om lag dobbelt så mange kvinner som menn. Frå 55 år og oppover er ikkje kvinnedominansen så markert. Forholdet speglar seg av i avgangsoversiktene.

### Lønn

Generelt har kvinner like høg eller høgare lønn enn menn i dei stillingskategoriane som omfattar det største talet på tilsette. I høgare stillingar finn vi ei overvekt i talet på menn, noko som fører til at menn totalt sett har høgare gjennomsnittslønn enn kvinner. I stillingar der kvinner er talrike, er lønnsforskjellen redusert.

### Arbeidstid

Arbeidstida er den same for alle tilsette ved Brønnøysundregistra. Når det gjeld overtid, viser stikkprøver at kvinner har vesentleg større del

av overtid enn menn. Menn jobbar meir gjennom veka, medan kvinner deltek mest på laurdagar. Ved IT-avdelinga står menn for det meste av overtida.

### Sjukefråvær og utdanning

Sjukefråværet i 2005 viser eit gjennomsnitt på 5,3 prosent, 6,3 prosent for kvinner og 3,8 prosent for menn.

I 2005 fekk 22 av dei tilsette (11 kvinner og 11 menn) stipend til vidare-/etterutdanning. Stipenda utgjorde til saman kr. 199 650. Av internt køyrde kurs har kvinner ein deltakardel på 56 prosent, mot 44 prosent for menn. Menn har gjennomgåande klart høgare utdanningsnivå enn kvinner.

Brønnøysundregistra har alltid vore konsekvente på å tilsetje den best kvalifiserte av søkjarane uavhengig av kjønn. Arbeidsmarknaden og søkjarmassen ved tilsetjingstidspunktet har vore avgjerande for val av søkjar.


### Iverksette og planlagde tiltak

Også i 2005 støtta Brønnøysundregistra kvinner i leiarstillingar gjennom deltaking i mentorpro-grammet til Statskonsult.

Det er sett av midlar i fellessatsinga til kompetan-seutvikling med likestillingsprofil, mentorordning for to tilsette og eitt eller fleire likestillingsseminar. I år er summen til stipend auka med tanke på likestillingspraksis ved tildeling.



## Organisasjon



## Dei ulike registra

### Lausøyregisteret – jan. 1980

Lausøyregisteret er eit tinglysingsregister for rettar og pant i lausøyre. Ei tinglysing fører med seg at retten, eller pantet, blir registrert som hefte på den personen eller det føretaket pantekravet rettar seg mot. Tinglysinga gjev rettsvern overfor kreditorar. Lausøyregisteret er mest kjent som opplysningskjelde i samband med pantehefte på bruktbilar og andre køyretøy.

### Ektepaktregisteret – jan. 1981

Ektepaktregisteret inneheld avtarar mellom

ektefellar som regulerer formueforhold på andre måtar enn det som automatisk følgjer av lovverket. Ektefellar som til dømes ønskjer særlege, må opprette ei ektepakt. For at ektepakta skal få rettsvern overfor eventuelle kreditorar, må ho tinglysast i Ektepaktregisteret. Dei same reglane gjeld for registrerte partnarar.

### Rekneskapsregisteret – jan. 1981

Rekneskapsregisteret er den viktigaste datakjelda for alle som vil skaffe seg reie på den økonomiske tilstanden i norsk næringsliv. Einingar som har

rekneskapsplikt etter rekneskapslova, skal kvart år sende inn årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til Rekneskapsregisteret.

### Gebyrsentralen – mars 1983

Oppgåva for Gebyrsentralen er å registrere og fakturere vedlegg som grunnlag for rekneskapsføring og innkrevjing av gebyr til staten. Det dreier seg om gebyr for tvangssal, utleggsforretningar og andre tvangsforretningar som blir utførte av lensmenn og byfutar. Drifta av Jegerregisteret er også lagd til Gebyrsentralen.

### **Føretaksregisteret – jan. 1988**

Føretaksregisteret har ansvaret for registrering av alle norske og utanlandske føretak i Noreg. Registeret skal sikre rettsvern og økonomisk oversikt, og er ei viktig kjelde for alle som treng korrekte opplysningar om aktørane i norsk næringsliv. Alle næringsdrivande føretak – med avgrensa så vel som med uavgrensa ansvar – pliktar å registrere seg i Føretaksregisteret. Det same gjeld enkeltpersonføretak som driv handel med innkjøpte varer eller har meir enn fem tilsette i hovudstilling. Andre enkeltpersonføretak kan registrere seg på frivillig basis.

### **Konkurskarantenerregisteret – jan. 1991**

Konkurskarantenerregisteret blei oppretta for å registrere konkurskarantener ilagde av tingretten, slik at personar med konkurskarantene ikkje kan stifte nytt selskap eller ta på seg andre roller i eit slikt selskap. Då Konkursregisteret blei oppretta i september 1993, overtok dette registeret oppgåvene frå Konkurskarantenerregisteret.

### **Gjeldsordningsregisteret – jan. 1993**

Gjeldsordningsregisteret inneheld opplysningar om kven som har fått innvilga gjeldsforhandlingar og gjeldsordningar, og har kopi av alle inngåtte gjeldsordningsavtalar. Gjeldsordningsregisteret inneheld også opplysningar om kvar i saksbehandlingsprosessen ei sak er å finne, kva for ein namsmann eller namsrett som behandlar saka og kva for fristar det blir arbeidd etter.

### **Konkursregisteret – sept. 1993**

Konkursregisteret inneheld opplysningar om kon-

kursbu og tvangsavviklingsbu. Registeret inneheld sentrale opplysningar om kvart bu, mellom anna kven som er eller har vore dagleg leiar, styreleiar og revisor i eit konkursråka føretak, og om styreleiaren eller dagleg leiar har roller i andre føretak på tidspunktet for konkursopninga. Konkursregisteret kan også gje opplysningar om nokon er ilagd konkurskarantene.

### **Einingsregisteret – mars 1995**

Einingsregisteret samordnar opplysningar om næringslivet som finst i ulike offentlege register, og som er gjengangarar på offentlege spørjeskjema. I staden for at kvar offentlig etat sender ut kvart sitt skjema til bedriftene, sørgjer Einingsregisteret for at opplysningane blir samla på ein stad. Einingsregisteret inneheld grunndata om einingar som har registreringsplikt i Arbeidsgjeverregisteret, Meirverdiavgiftsmantalet, Føretaksregisteret, Statistisk sentralbyrå sitt bedriftsregister, Skattemanntalet for etterskotspliktige eller fylkesmennene sine register over stiftingar.

### **EMAS – april 1995**

EMAS – Eco-Management and Audit Scheme – er ei frivillig ordning for miljøregistrering av verksemder innanfor EU. Gjennom EØS-avtalen kan også norske bedrifter delta i ordninga. EMAS-registreringa er lagd til Føretaksregisteret. Ei EMAS-godkjenning vil seie at bedrifta både overheld og går lenger i miljøarbeidet sitt enn det som er lovfesta miljøkrav.

### **Oppgåverregisteret – nov. 1997**

Hovudoppgåva for Oppgåverregisteret er å halde oppdatert oversikt over dei oppgåvepliktene nærings-

livet har til det offentlege, og finne gode måtar for samordning og forenkling. Målet er å hindre overflødig innsamling og registrering av opplysningar, særleg av omsyn til små og mellomstore bedrifter. Oppgåverregisteret har oversikt over kva for opplysningar dei ulike registra og etatane krev frå dei næringsdrivande, og nødvendige løyver for næringsdrift.

### **Jegerregisteret – mars 1999**

Jegerregisteret er eit register over personar som har kvalifisert seg til å drive jakt i Noreg og gjev samtidig ei oversikt over kven av desse personane som har betalt jegeravgift. Jegerregisteret har også opplysningar om kven som er frådømde retten til å drive jakt.

### **European Business Register – nov. 1999**

European Business Register (EBR) er eit europeisk nettverk for utveksling av føretaksopplysningar. EBR gjer offisiell informasjon om europeiske føretak tilgjengeleg online via Internett, på tvers av barrierar som kan oppstå som følgje av forskjellar i språk, teknologi, lovgeving o.l. Med ein stadig større auke av handelen over grensene har korrekt og lett tilgjengeleg informasjon om utanlandske føretak blitt stadig viktigare.

### **Reservasjonsregisteret – jan. 2001**

Reservasjonsregisteret skal gjere det enklare for privatpersonar å reservere seg mot at adressene deira blir brukte til direkte adressert reklame i posten eller til telefonsal. Reservasjonane blir registrerte i eit sentralt register i Brønnøysund. Alle som skal drive direkte marknadsføring, pliktar å oppdatere adresse-

## Fagleg tilknytning



listene sine mot Reservasjonsregisteret seinast tre månader før bruk.

### Lotteriregisteret – 2001

Lotteriregisteret held oversikt over speleautomatar og oppstillingsplassar, enkeltlotteri og bingoar, organisasjonar som har lov til å drive lotteri, autorisasjonar av føretak som hjelper til ved lotteri, bingo og speleautomatar og autorisasjonar av innehavarar av spelelokale. Registeret er bygd opp og blir drifta av Brønnøysundregistra for Lotteritilsynet i Førde.

### Partiregisteret – sept. 2002

Partiregisteret er eit register over politiske parti. Hovudformålet bak registreringsordninga er å

gjø politiske parti høve til å skaffe seg einerett til eit partinamn. Registreringa i Partiregisteret legg grunnlag for kven som kan representere partiet overfor valstyresmaktene. At eit parti er registrert i Partiregisteret, er også viktig for kva for reglar som gjeld i samband med listeframlegg frå partiet og for godkjenning av røystesetlar.

### Registeret for utøvarar av alternativ behandling – juni 2004

Registeret for utøvarar av alternativ behandling er viktig for alle som treng opplysningar om registrerte utøvarar og om utøvarorganisasjonar. Registerordninga skal bidra til å sikre pasienttryggleik og forbrukarrettar for den som oppsøker ein registrert alternativ behandlar. I tillegg

skal ordninga medverke til seriøsitet og ordna forretningsforhold blant dei som driv med alternativ behandling.

### Akvakulturregisteret – januar 2006

Akvakulturregisteret inneheld ei oversikt over akvakulturløyve og enkelte vesentlege forvaltningsvedtak knytte til desse løyva. I tillegg inneheld registeret ei oversikt over overføringar, pantsetjingar og andre rettar som er tinglyste på løyva. Registeret er delt inn i ein forvaltningsdel og ein tinglysingsdel. Fiskeridirektoratet er ansvarleg for forvaltningsdelen i registeret. Brønnøysundregistra fører inn og er ansvarleg for opplysningar knytte til tinglysingsdelen. Tinglysing gjev rettsvern.

## Mål og resultat

**Produksjonen ved Brønnøysundregistra har vore svært høg i 2005. For dei fleste områda har saksbehandlingstida vore innanfor måla, mens enkelte av dei store registra har vore utanfor måla på grunn av høg meldingsinngang.**

Einingsregisteret har framleis lenger saksbehandlingstid enn målet, men er omtrent nede på nivået frå 2003 etter den store auken i 2004. Hovudårsaka til den store auken i fjor var oppdatering av rekneskapsføraropplysningar i Einingsregisteret for å bli autoriserte brukarar på vegne av klientane sine i Altinn.

Føretaksregisteret har òg hatt ein auke i saksbehandlingstida, noko som mellom anna skuldast stor innkomst mot slutten av året grunna endringar i overgangsregel E i skattelova.

Lausøyreregisteret har hatt ein auke i saksbehandlingstida. Dette kom mellom anna av mykje jobbing med fleire større prosjekt i avdelinga. Også Gebyrsentralen har hatt lenger saksbehandlingstid enn målet.

Opplysningsavdelinga greidde ikkje å kome under målet om ei ventetid på 30 sekund på Opplysningstelefonen i 2005. Resultatet blei 34 sekund, og tendensen er at samtalane med brukarane varer lenger og er meir komplekse. Gjennomsnittleg samtaletid var 97 sekund. Blant årsakene til at ventetida på telefonen har gått opp, var opprettinga av Altinn brukarservice i januar og brukarservice for Sikkerhetsportalen i desember. Opplæring av personell har vore ressurskrevjande og har gått ut over ventetida på telefonen.

Aktivitet	Mål	2003	2004	2005
<b>Einingsregisteret</b>				
Ferdigbehandling av alle saker/meldingar med opplysningar til tilknytte register	Innan 3 dagar etter mottak	4,2 dagar	12 dagar	4,4 dagar
Ferdigbehandling av saker/meldingar utan opplysningar til tilknyttta register	Innan 3 dagar etter mottak	5,4 dagar	14,5 dagar	5,8 dagar
Vidareformidling av meldingar som berre gjeld andre register	Innan 1 dag etter mottak	1 dag	1 dag	1 dag
<b>Føretaksregisteret</b>				
Gjennomsnittleg behandlingstid for nyregistreringar og endringsmeldingar	5 dagar	7,4 dagar	6,4 dagar	7,6 dagar
Gjennomsnittleg behandlingstid for klager	21 dagar	18 dagar	19 dagar	19 dagar
<b>Rekneskapsregisteret</b>				
Behandling av innkomne årsrekneskap	3 dagar	2 dagar	2 dagar	2 dagar
Ferdigbehandling av søknader om ettergjeving av forseinkingsgebyr	21 dagar	57 dagar	25 dagar	22 dagar
Vidareformidling av klager på avslåtte søknader	21 dagar	32 dagar	26 dagar	20 dagar
<b>Oppgåverregisteret</b>				
Saksbehandling for nye og endra oppgåveplikter	21 dagar	10 dagar	20 dagar	8 dagar
Behandling av samordningssaker	21 dagar	3 dagar	18 dagar	3 dagar
<b>Lausøyreregisteret</b>				
Behandlingstid for tinglysingssaker	3 dagar	2,9 dagar	3,6 dagar	3,9 dagar
Behandlingstid for klagesaker (kjæremål)	21 dagar	11 dagar	21 dagar	21 dagar
<b>Konkursregisteret</b>				
Gjennomsnittleg behandlingstid for registrering	1 dag	1 dag	1 dag	1 dag
Gjennomsnittleg behandlingstid for klagesaker (motsegner)	21 dagar	21 dagar	21 dagar	21 dagar
<b>Gebyrsentralen</b>				
Gjennomsnittleg behandlingstid for registrering av fakturagrunnlag	3 dagar	7 dagar	5 dagar	4 dagar
Gjennomsnittleg behandlingstid for utbetalingsgrunnlag (sideutgifter)	1 dag	1 dag	3 dagar	1 dag
<b>Opplysningsavdelinga</b>				
Gjennomsnittleg ventetid på telefon	30 sekunder	31 sek.	27 sek.	34 sek.
Behandlingstid for skriftleg informasjon	1 dag	1 dag	1 dag	1,1 dag
Behandlingstid for spesialavgjeving	7 dagar	5,4 dagar	4,9 dagar	6,6 dagar

## Hovudtal 2005

Hovudtal	2005	2004
<b>Lausøyreregisteret</b>		
Tinglysingar i alt	368 667	370 734
Av dette bl.a.		
- slettingar	170 768	171 054
- salspant/leasing motorvogn	124 882	125 324
<b>Konkursregisteret</b>		
Konkursar	3 502	4 267
Tvangsavviklingar	981	1 508
Nye konkurskarantentar	307	342
<b>Gjeldsordningsregisteret</b>		
Opna gjeldsforhandlingar	2 673	2 561
Innvilga gjeldsordningar	2 273	1 986
Av dette:		
- frivillige	1 676	1 534
- tvungne	597	452
<b>Ektepaktregisteret</b>		
Tinglyste ektepakter	4 555	4 630
<b>Einingsregisteret</b>		
Talet på einingar pr. 31.12.	773 330	747 000
Av dette nye einingar registrert i løpet av året	88 860	118 601
Talet på saker som er behandla	298 649	371 739
<b>Føretaksregisteret</b>		
Nyregistrerte føretak	33 920	28 119
Av dette mellom anna:		
- aksjeselskap	20 462	13 609
- enkeltpersonføretak	6 680	7 571
- ansvarlege selskap	3 059	3 374
Meldingar i alt, inkl. endringar og slettingar	268 158	240 076

Hovudtal	2005	2004
<b>Rekneskapsregisteret</b>		
Godkjende årsrekneskap for siste rekneskapsår	155 713	153 917
<b>Gebyrcentralen</b>		
Registrerte tvangsforretningar	190 309	221 843
Av dette mellom anna for		
- medhjelparsal og tvangssal - fast eigedom	10 373	11 382
- gjennomført utlegg	152 255	178 099
<b>Jegerregisteret</b>		
Registrerte norske jegerar pr. 31.12.	396 599	388 209
Betalande norske jegerar pr. 31.12.	193 339	195 279
<b>Reservasjonsregisteret</b>		
Talet på reserverte pr. 31.12.	1 275 848	1 036 296
Reservasjonar mot reklame over telefon	1 270 573	1 031 649
Reservasjonar mot reklame i posten	708 623	582 266
<b>Informasjonsavgjeving</b>		
- Ekspederte telefonsamtalar - manuell telefon	550 416	580 053
- Skriftleg avgjeving av informasjon	104 748	141 776
- Online (overføring av data til brukar via distributør)	1 479 362	1 205 144
- Grunndata via WebServices	2 186 000	
- Internett (alle tenester)	37 433 096	26 021 645

## Rekneskap 2005

	<b>2005</b>	<b>2004</b>
	Kroner	Kroner
<b>Tenestegebyr</b>		
<b>Registrering</b>		
Lausøyreregisteret/Ektepaktregisteret	239 712 871	240 135 323
Føretaksregisteret	186 509 260	143 077 993
SUM registreringsgebyr	<b>426 222 131</b>	383 213 316
<b>Tvangsforretningar</b>		
Gebyrsentralen	498 088 750	376 476 963
<b>Registerinformasjon</b>		
Lausøyreregisteret/Ektepaktregisteret	2 323 191	2 442 119
Føretaksregisteret	11 109 935	10 930 355
Rekneskapsregisteret	11 484 999	11 044 707
Einingsregisteret	1 747 067	701 168
SUM informasjonsgebyr	25 665 192	25 118 349
SUM innbetalt tenestegebyr (note 1)	<b>949 976 073</b>	784 808 628
<b>Oppdragsinntekter</b>		
Basisrefusjonar	3 183 136	3 542 100
Mengdrefusjonar	11 549 274	10 351 378
Refusjon offentlege verv	0	1 682
EBR-inntekter	90 364	71 600
Reservasjonsregisteret	814 129	842 000
Rekneskapsdatabase	3 969 266	4 727 375
Utvikling og drift av databasar/register	9 422 765	13 684 519
Kursverksemd	283 207	280 243
Registeret for utøvarar av alt. beh.	53 400	56 000
Inkassoverksemd	546 535	282 171
Konsulentverksemd	8 303 922	4 964 761
SUM oppdragsinntekter (note 2)	<b>38 215 998</b>	38 803 829


**På same måten som for mange andre statlege verksemdar blir drifta ved Brønnøysundregistra finansiert med ei årleg løyving over statsbudsjettet. Inntektene blir skapte gjennom det gebyrnivået som Stortinget fastset, og inntektene går rett inn i statskassen.**

Ein vesentleg del av gebyrinntektene er inntente av namsstyresmaktene, men blir kravde inn av Brønnøysundregistra. Driftsoverskot eller -underskot i bedriftsøkonomisk forstand er derfor ein lite høveleg terminologi for ei verksemd som den Brønnøysundregistra driv.

## Tenestegebyr

(Note 1)

Samla innbetalt gebyr utgjorde i 2005 950 millionar kroner (2004: 784,8). Gebyrinntektene for registrering auka med 43 millionar kroner eller 11,2 prosent samanlikna med 2004. Dette kjem av endringar i skatte- og avgiftslovgevinga som utløyste kraftig auke i saksmengd og gebyrinntekter til Einingsregisteret og Føretaksregisteret.




25,7 millionar kroner er knytte til sal av gebyrpliktig informasjon (2004: 25,1).

Gebyr knytte til tvangsforretningar, 498,1 millionar kroner, er inntente av namsstyresmaktene, men blir registrerte og innkravde av Brønnøysundregistra. Desse gebyra er auka med knapt 121,6 millionar kroner og skuldast vedtak i Stortinget om auka gebyrsatsar.

## Oppdragsinntekter

(Note 2)

Næringslivet etterspør tenester og opplysningar som i utgangspunktet ikkje inngår i «varesortimentet» til Brønnøysundregistra. På oppdrag blir opplysningar samanstilte og presenterte etter ønske frå kunden, mot at kunden refunderer kostnadene til å utvikle produktet. I 2005 gav slike oppdrag inntekter på 19,6 millionar kroner. 27,2 millionar kroner av oppdragsinntektene er refusjon knytt til utvikling og drift av mellom anna Lotteriregisteret, Jegerregisteret, Registeret for utøvarar av alternativ behandling og levering av infrastrukturtenester (IT, administrasjon, lokale, brukarstøtte) til Altinn og Sikkerhetsportalen.



## Rekneskap 2005

	2005	2004
<b>Driftsutgifter - Brønnøysundregistra</b>	Kroner	Kroner
<b>Lønn og godtgjersler</b>		
Organiserte stillingsheimlar	112 947 056	106 757 560
Ekstrahjelp	8 953 435	12 737 290
Lærlingar	39 369	0
Reingjeringspersonell	2 085 511	2 098 991
Trygder og pensjonar	17 673 046	17 042 462
<b>SUM lønn og godtgjersler</b>	<b>141 698 417</b>	138 636 303
<b>Varer og tenester</b>		
Maskiner, inventar og utstyr (investeringar)	11 780 502	13 677 126
Forbruksmateriell	3 972 100	3 491 910
Reiseutgifter	9 410 076	9 746 624
Kontortenester	16 988 697	14 929 348
Konsulenttenester m.m.	5 892 081	14 223 051
Vedlikehald og drift av maskiner	6 478 442	5 467 684
Drift av bygningar	18 525 750	18 775 378
<b>SUM varer og tenester</b>	<b>73 047 648</b>	80 311 121
<b>Driftsutgifter - Altinn</b>		
Lønn	5 016 999	2 680 538
Arbeidsgjevaravgift	454 534	
Varer og tenester	59 095 710	14 796 818
<b>SUM</b>	<b>64 567 243</b>	17 477 356
<b>SUM utgifter</b> (note 3)	<b>279 313 308</b>	236 424 780

	2005	2004
<b>Utgifter som blir dekte utanom Brønnøysundregistra sine budsjettammer</b>	Kroner	Kroner
<b>Sideutgifter - spesielle driftsutgifter</b>		
Gjeldsordningsregisteret - tingrettane	2 059 093	2 231 726
Gjeldsordningsregisteret - lensmennene	14 643 925	12 979 494
Gebyrssentralen	45 364 765	45 361 685
Føretaksregisteret - kunngjering	21 393 426	24 488 332
Konkursregisteret - kunngjering	12 332 028	13 703 364
Rekneskapsregisteret - kunngjering	230 123	270 711
<b>SUM sideutgifter</b> (note 4)	<b>96 023 360</b>	99 035 312



## Driftsutgifter

(Note 3)

Lønnskostnadene utgjorde 141,7 millionar kroner (2004: 138,6). Av dette var 113 millionar knytte til faste stillingar, medan lønn til ekstrahjelp utgjorde 8,9 millionar kroner og lønn til reinhaldspersonell 2,1 millionar. Utgifter til trygder og pensjon utgjorde 17,7 millionar kroner. Auka lønnskostnader kjem av lønnsoppgjering og ein kraftig auke i saksmengda i Føretaksregisteret og Einingsregisteret.

Verksemda til Brønnøysundregistra er i stor grad basert på bruk av informasjonsteknologi. For at registra skal kunne halde eit forsvarleg teknologisk nivå, er det nødvendig med årlege edb-investeringar. I 2005 var investeringane i maskin- og programvare 11 millionar kroner.

Av større forbrukspostar i 2005 som omfattar ordinær drift, kan nemnast drift og vedlikehald av edb-maskinar, kontormaskinar og telefoni med 6,5 millionar kroner. Porto utgjorde 11 millionar kroner, kontorleiga var på ca. 15,9 millionar kroner.

## Utgifter som blir dekte utanom budsjett-rammene for Brønnøysundregistra

(Note 4)

### Sideutgifter

Forutan lønns- og driftskostnader kom det til utgifter (såkalla sideutgifter) direkte knytte til forretningar for Gebyrsentralen, Gjeldsordnings-

registeret, Konkursregisteret, Rekneskapsregisteret og Føretaksregisteret. Totalt utgjorde sideutgiftene 96 millionar kroner (2004: 99). Av dette gjekk 35 millionar kroner til kunngjering i lokal presse.

## Innkrevjing - uteståande gebyr

Innkrevjingsrutinane ved Brønnøysundregistra er bygde opp omkring automatiserte edb-system som krev få ressursar. Dei gebyrpliktige tenestene frå Brønnøysundregistra blir fakturerte etterskotsvis. Medio februar 2005 hadde Brønnøysundregistra 22,2 millionar kroner i uteståande gebyr knytte til gebyr eldre enn 2006. Restansen gjeld hovudsakleg gebyr for registrerings- og endringsmeldingar i Føretaksregisteret. Det blei avskrive gebyr i 2005 for 4,7 mill. kroner, hovudsakleg knytte til år 2000. Av fakturert gebyr er 99,5 prosent innbetalt. Brønnøysundregistra har avtale med inkassobyrået Intrum Justitia om innkrevjing av gebyr som ikkje blir betalt etter fakturering og purring.



## Brønnøysundregistra sine nye mål og strategiar

### Visjon

**Vi skal vere verdslieiane til beste for norsk næringsliv og forvaltning**

### Hovudmåla for Brønnøysundregistra

1. Vi skal vere ein tillitskapande myndesutøvar og ei datakjelde med høg kvalitet, vere lett tilgjengelege, brukarvennlege og yte god service
2. Vi skal forenkla dialogen næringslivet og borgarane har med offentleg forvaltning
3. Vi skal gjere norsk forvaltning enklare

### Delmål

1. Vi skal vere ein tillitskapande myndesutøvar og ei datakjelde med høg kvalitet, vere lett tilgjengelege, brukarvennlege og yte god service
2. Vi skal forenkla dialogen næringslivet har med offentlege styresmakter og effektivisere norsk forvaltning gjennom elektroniske løysingar og gjenbruk av data
3. Vi skal vere á jour!
4. Vi skal utvikle tidsrett infrastruktur
5. Vi skal vere ein aktiv offentlig oppgåveløysar
6. Vi skal ha motiverte og endringsvillige medarbeidarar med rett kompetanse og brukarfokus
7. Vi skal ha ein infrastruktur som sikrar kvalitet og stabilitet
8. Vi skal ha god økonomistyring og disiplin
9. Vi skal ha rette økonomiske rammes

### Strategiske mål for 2006–2009

1. Vi skal betre utnyttinga av dei interne ressursane våre gjennom å innføre elektronisk innrapportering og dokumentbehandling
2. Vi skal forenkla innrapporteringa frå næringslivet til offentlege styresmakter
3. Vi skal utvikle fleire og betre løysingar gjennom tilpassa tekniske løysingar og auka samordning mellom offentlege verksemder, og fokusert kompetansebygging og marknadsføring

#### Strategi 1: eBR 2010

Elektronisk forvaltning ved Brønnøysundregistra skal vere gjennomført innan 2010. Ei konkret målsetjing er at innan utgangen av 2009 skal 95 prosent av alle meldingar og dokument sendast inn elektronisk via Altinn. Samtidig skal den interne meldingsbehandlinga, den administrative saksbehandlinga og utsendinga av informasjon leggast til rette elektronisk.

#### Strategi 2: Samordning

I perioden 2006–2009 skal Brønnøysundregistra arbeide aktivt for auka samordning mellom offentlege verksemder. Dette skal ein oppnå gjennom auka kompetansebygging på standardisering av offentlig innrapportering, og fokus på utvikling av tenester baserte på auka standardisering.

Strategien «Samordning» vil i stor grad basere seg på dei tekniske løysingane som blir utvikla med sikte på heilelektronisk forvaltning. Brønnøysundregistra skal nytte sin posisjon som leiande innanfor utvikling av teknisk infrastruktur og som forvaltar og ansvarleg for fellesløysingar for offentleg forvaltning, til å liggje i forkant for å føreslå samordningstenester for statlege etatar og andre offentlege verksemder.

### Strategi 3: Nye oppgåver

I perioden 2006–2009 vil Brønnøysundregistra leggje meir vekt på å sikre effektiv utnytting av ressursar for å løyse forvaltningsoppgåvene innanfor det offentlege. Brønnøysundregistra skal jobbe aktivt med relasjonsbygging i høve til styrande organ og sørgje for at synspunkt frå Brønnøysundregistra blir høyrde ved sentrale avgjerder. Investeringa i den tekniske infrastrukturen og den unike kompetansen ved Brønnøysundregistra vil vere sentrale argument for ein slik type påverknad. Det same gjeld dokumentasjon av auka produktivitet i dei interne prosessane ved Brønnøysundregistra.

### Strategi 4: Brukarstøtte

Innan 2010 skal Brønnøysundregistra ha etablert ei sentral eining for brukarstøtte som står til teneste med elektroniske forvaltningsløysingar for alle offentlege verksemder der Brønnøysundregistra er involverte med teknisk infrastruktur. Dette vil naturleg nok også inkludere løysingar der Brønnøysundregistra har forvaltningsansvar. Dette inneber å utvikle eit IT-system for brukar-

støtte og auke kompetansen hos medarbeidarane både på dei aktuelle løysingane og generell rettleiing.

## Strategiske program for perioden 2006–2009

### Program 1: IKT for eBR

«IKT for eBR» skal sikre at Brønnøysundregistra er utstyrte med god nok infrastruktur og kapasitet for å innføre heilelektronisk forvaltning. Programmet skal også sørgje for at vi tilbyr god nok infrastruktur og kapasitet i Altinn og Sikkerhetsportalen som vi forvaltar for dei etatane vi samarbeider med. Programmet skal fungere som ein overbygning for avdelingsspesifikke program og prosjekt som rettar seg mot dette målet. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 1: eBR.

### Program 2: Kompetanse for eBR

Programmet skal sikre at Brønnøysundregistra er utstyrte med god nok kompetanse for å innføre heilelektronisk forvaltning. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 1: eBR.

### Program 3: Effektivisering ved eBR

Programmet skal sikre at Brønnøysundregistra realiserer effektiviseringsvinstar ved innføring av heilelektronisk forvaltning. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 1: eBR.

### Program 4: Bruk av eBR

Målet er å sikre at system og løysingar for heil-

elektronisk forvaltning blir tekne i bruk blant brukarane. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 1: eBR.

### Program 5: Samordning

Målet er å utvikle tenester baserte på samordna bruk av offentleg informasjon og marknadsføring av desse tenestene. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 2: Samordning.


### Program 6: Dialog med departementa

Målet for programmet er å byggje strategiske relasjonar mot departementa og marknadsføre Brønnøysundregistra aktivt. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 3: Nye oppgåver.

### Program 7: Etablere brukarstøtte

Målet er å etablere sentralisert brukarstøtte for elektroniske løysingar. Tenestene skal støtte brukarar av eigne og andre offentlege forvaltningsløysingar, inkludert brukarar i andre offentlege verksemder. Programmet skal støtte måloppnåing for strategi 4: Brukarstøtte.

Til kvart av programma er det knytt ei rekkje konkrete prosjekt for å nå dei strategiske måla.



Organisasjonsnummer 974 760 673

#### Telefon/Telefaks

Opplysningstelefonen	75 00 75 00
Altinn brukarservice	75 00 60 00
Sikkerhetsportalen brukarservice	75 00 62 00
Administrasjonen	75 00 75 09
Jegerregisteret	75 00 79 99
Telefaks	75 00 75 05
Jegerregisteret telefaks	75 00 79 50

#### Automatiske tenester

Hefte i motorvogn på SMS	21 21
Hefte i motorvogn på WAP	wap.brreg.no
Reservasjon mot adressert reklame	75 00 75 03

#### Postadresse

#### Brønnøysundregistra

Lausøyreregisteret  
Ektepaktregisteret  
Konkursregisteret  
Rekneskapsregisteret  
Gebysentralen  
Føretaksregisteret  
Einingsregisteret  
Oppgåverregisteret  
Jegerregisteret  
Reservasjonsregisteret  
Altinn sentralforvaltning  
Sikkerhetsportalforvaltninga  
**8910 Brønnøysund**

#### Besøksadresse

Havnegata 48, Brønnøysund

#### Besøksadresse Altinn sentralforvaltning og Rekneskapsregisteret

Storgata 73, 2. etasje

#### E-post

firmapost@brreg.no  
info@brreg.no  
jejerregisteret@brreg.no